


Barndomsminnen

Forord til den elektroniske utgaven

Denne boken av **Hulda Garborg** (1862-1934) er digitalisert i april 2008 av Nasjonalbiblioteket i Oslo og tilpasset for Projekt Runeberg i juli 2013 av Ralph E.

MULDA GARBORG

BARNDOMSMINNEBARNDOMSMINNE

ÄHulda Garborg, 13 är gammal.HULDA GARBORG

BARNDOMSMINNE OSLO 1935 FORLAGT AV H. ASCHEHOUG & CO. (W. NYGAARD)Printed in Norway Centraltrykker iet. OiloGamle Marja, beste venen min i fyrste barne-åri, fortalde meg ura den februarnatti eg kom inn i denne verdi på garden Saastad i Stange.

Pålag soleis fortalde ho:

"Det var so kaldt at flisa spratt, og so stjerne-klårt at Even Stallkar kunde sæla på uta løkt. Je minns det som det var igår. Æli stupie kom flygendes ut, hælvnakjin og fortulla, sette i full kut åt drengestugu og ropte at'n Even måtte skunde seg etter jordmora, for frua hadde vørti bånklen!

Du lyt rese på flygendes flekken, du må itte klæ regti på dei!

Han Even trudde jinta hadde vørti tullete. Itte klæ regti på sei når det small og knastra i alle vegger og vassbytta botnfraus innadørs!

Men i det såmmå kom jomfrua pæsendes med håre som et bruskjær kring hugu og nattkappa i eine neven og et digert brennvinsglas i den andre. Og ba'n for guds skuld komå seg avgarde

Bruskjær: Einebusk.på timen. Hu tenkte altid på maten og drekken jomfru Torgersen, men glømde itte vårherre heil. Hu var kvæker døm kalle og var kømmi radt bortantil Stavanger, og hu tala itte slik som vi. "Du får i guds namn hjelpe du Marie, om den andre kommer forsent," sa a. Je måtte praktisere borti husmannsstugun' stondomtel je ma, men aldri våga je mei tel å hjelpe fruva. Nei nei, hu måtte itte nemne det!

Men det var syndig tale meinte 'a. Vårherre hadde skapt alle kvinnfolk like, anten døm var arme hell rike.

Men da'n Even hadde stupt ti sei drammen, var det itte lenge før!n fekk sæla på og reste tur garden som sjølve svarten var etter'n og kom att med dei."

"Kom att med meg?"

"Jamen gjord'n så. Og så snipp snapp snute. Læs nå fadervåre ditt og snu dei åt veggen og sov.

So hadde eg det eventyre å "fundere" på. Kor

tru han Even hadde funne meg?

*

Saastad er ein gamal gard, kjend alt frå Sverresoga. Det eldste namne var SåstaÖir, og der budde på Sverres tid ein lendermann heitte Halvard. Han var ein av dei tri hovdinganesom møtte kong Sverre på Mjøsa, då han kom søryvi frå Trondheimen med den vesle flokken sin i 1177. Saman med Ivar Gjæsling frå Sandbu i Vaagaa, og ein heitte Sæbjørn Sindreson, hadde Halvard samla 1 400 mann og 18 skip. Og Sverre drog burt att utan å legge til strid.

Men han kom att. Og då stod striden på Saastad, der Halvard nett sat i godt lag med tri hundrad og seksti gjester, og "endå mange ubedne". For det skulde vera stor årsfest for den nye kyrkja som var bygd på Saastad året fyrr. Fest og stor messe.

Men som dei sat tilbords fyre messa braut Birkebeinane inn. Og denne gongen kom Sverre mannsterk, og dei som måtte røme var Saastad-herren og gjestene hans.

Kong Sverre vart ved både gjestebodskosten og garden, og han sa seg dermed herre yvi Øysterdalen og alt Upplande.

So segjer soga.

Og når eg seinare i live hev høyrt um dei lystige gjestebodi på Saastad i den tidi far min fyllte hus og hagar der med liv og rørsle, då hev eg ofte hugsa på Halvard og det dramatiske gjes-tebode hans. Ogso i 50—60 åri kunde det gå ganske villt for seg i gjestebodi på Heidmarki.1

1 I boki mi "Mens dansen går" hev eg nokre skildringar frå denne glade tidi.Um det ikkje var kongekrunor det galdt, so kunde det då vera heim og gardar, helse og livs-lagnad for mange.

Då far min kaupte garden i 50-åri dyrka han upp hundrad mål ny jord der, og då vart det pløygd upp både våpen, metalspenne og manna-bein, ettersom segni gjekk i min barndom. Dei siste var vei likso gjerne frå kyrkjegarden der, som etter bardagen med Sverre.

Men eg fekk lite godt av den historiske fødegården min. Fyrr eg var so stor at eg kunde sjå og skyna skilnad på by og land, vart eg flutt med mor mi til Hamar, og far reiste til hovud-staden med dei tvo eldste systerne mine, Martha Elida og Sophie Wilhelmine.

Sjølv var eg lukkeleg uvitande um den katastrofen som flutte meg frå ein av dei vakraste gardane i den herlege Stange-bygdi til eit trongt rom i den nye stiftstaden. Men det kom år og dagar då eg fekk vita meir enn eg lyste um alt-saman.

Etter ei tid som gjorde det lett for sume å tene pengar og endå lettare å øyde dei, kom ulukka. Hypotekbanken kom alt dengongen til å eige fleire gardar enn godt var. Og um den gamle lendermannsgarden Saastad hev eg i eit gamalt blad funne denne lysingi:

"Mandag Ilte Marts 1867 Auktion overGården Saastad søndre efter Forlangende af prokurator Arentz på Hypothekbankens Vegne, Løbe nr. 173 Matr. 134 af Skyld 18 Daler 4

Ort 24 Skilling i Stange Thinglag", o. s. b.

*

Mitt fyrste personlege minne er frå ein sol-klår vinterdag på Hamar. Eg var fem år og trulova for all verdi med Ferdinand Weidemann. Arm i arm gjekk me burtyvi Strandgata, kvit-rande glade og lukkelege.

Kvart menneskje i den vesle kaupangen som no hadde fått namne Hamar, kjende dette luk-kelege kjærestpare og hadde si moro av det. Ingen godvérsdag gjekk utan me synte fram sæla vår på Strandgata og vart helsa og fagna av gode borgarar, som rusla der eller stod i butikdørene og såg ut på den mest altid folketome gata.

Ferdinand var son til doktar Weidemann og hadde ei gamal godsleg "Dada", som altid fylgde oss. Eg ser oss enno so klårt denne kvite vinterdagen, han brun og vakker og vælklædd; eg litt mindre, likso ljos som han var myrk, og med blått speilslør for andlite, kyse med svart skinn-kant og blå kåpe sydd til å vekse i.

Då me kom utanfor Engers papirhandel, lyfte Ferdinand sløre mitt upp og kysste meg. Det var nok ein eller annan skjemtegauk som haddesagt at han måtte gje kjærasten sin ein kyss av og til. Og Dada lo, og tvo trauste finnmudd-klædde karar som kom køyrande, lo og ropa at det var rett! Så sku' det vera!

Men den som lo mest var den snille "Enger på hjørne", som stod innanfyre butikdøri og såg ut i solskine. Alle folk var so gladlyndte liksom i den tidi, og det skulde lite til å løyse låtten. Enger må elles ha vore ein stor barneven, for han vart aldri vond, um me seinare i skuleda-gane stelte oss upp utanfor butikken fyrr han hadde teke lemmane ifrå um mor gonen og ropa: "Lokk opp nå Enger, skal du få tjene penger!"

Me skulde kanskje ha ein halvskillings griffel, eller ein tavlesvamp eller noko liknande. Han var ikkje som den landhandlaren på Toten, som vart sint kvar gong nokon kom og skulde ha parafin. "En sku' itte tru det var parrafin å få an'n stan", sa'n. Han lika ikkje å gå på bui å tappe må vite.

Enger var venen vår, og aldri redd for brye. Ofte fann han på eit og anna "rart" å stikke til oss skuleborni. Det skulde ikkje stort "skilderie" til for å frygde eit barnehjarta dengong. Hanen i A. B. C. boki var einaste bilæte i skulebøkene, og andre bilætbøker minnest eg ikkje me hadde. Slet ikkje noko med fargar på.

Fyrste gongen me skulde "spille teater" i vedskålen på Gløersens skule, kom eg inn til Engerog skulde ha eit papirark å skrive teaterstykke på. Av godt hjarta gav han meg eit lite glans-bilacte attpå — so stort som eit vanleg brevkort. Det var nok til at eg dansa burtyvi heile Strandgata. Denne strålande gåva skulde gjera den vesle skule-skålen til ein stor og løyndomsfull skog, der ein gut møtte Urdra1 og vart bergtekin —

Ferdinand fekk lov å be framand på årmåls-dagen sin og velje kven han vilde.

"Bare Hulda," sa han og nikka djupt og ål-vorsamt. Eg stod ved sida hans og hoppa av giede.

Og eg kom, heit av spaning og lukke. Me vart sett på kvar si side av eit lite lågt bord og fekk vår rikelege mette av risengryns graut.

Og då synte Ferdinand, at han var ein rid-darsmann som ingen annan gut eg kjende. Han tømde heile sukker- og kanelskåli yvi min graut, endå sukker og kanel var det beste han visste. Rart var det ogso med det der i huse, at gjesten fekk fleire gåvor enn "geburtsdagsbarnet".

Slik var fru Weidemann.

I tvo år vara kjærleikslukka vår. Kvar dag var me saman. Han kom med "Dada" og henta meg so visst som soli rann, ja endå um det var både regn og rusk.

Men ein dag sa mor, at eg ikkje kunde få

' Urdra: Huldra.vera med, for det var so vått ute, og eg hadde ikkje kalosjer.

Eg gret, og Ferdinand stod ei stund rådlaus, på gråten han og. Men so strauk han tårone mine burt og sa: Gråt ikke du; jeg skal gå hjem og si det til mama, jeg —

Og den elskelege mor hans visste råd. Um ei stund kom han att med eit par flunkendes nye, blanke gummiskor og sette framfyre meg.

"Må Hulda nu få lov å gå ut?" sa han byrg og såg med dei vakre augo sine på mor.

Og då fekk eg sagte lov.

Me tykte båe det var svært ille, at me budde kvar for seg, og ein dag sa Ferdinand, at når me vart store skulde me gifte oss og bu saman. Men helst vilde eg flutt til Ferdinand straks. Det store huse til dr. Weidemann med hagen utanfor like ned ved Mjøs-strondi nord i byen, var paradise mitt, og Ferdinand min avgud og einaste ven.

Men lukka vår fekk ein brå ende, då han kom på skulen. Kammeratane tok strakst til å gjera narr av han, fordi han berre var saman med "en pike", og so song dei det verse som var dikta um oss i byen.

"Og Ferdinand Weidemann, det bustehue og Hulda Bergersen skal bli hans frue, og er det laga så er det likt,

12i Hamar kirke skal dom bli vigd, og presten Piene skal vie dom sammen og klokker Trondsen 1 skal rope amen, og fru Bergersen skal trakatere med kjøt og pudding og ikkeno mere.

Enno liver ei dame som var med og song denne songen på Hamar då ho var ung gjente, fru forstmeistar Stalsberg,2 mor til fru Fanny Lilloe Olsen på Grefsen gard i v. Aker. Ho hev eit framifrå godt minne, og fortalde meg i vinter (1933) at ho hadde kjent både futen Bay, gamle Marja og Siri Selmer og mange andre av venene mine. Ho mintest endå ho såg meg då eg enno vart køyrd i barnevogn på Strandgata.

Men det vart anna enn bryllaup med Ferdinand og meg. Kjærleiken hans gjekk yvi til hat då han kom i skulen og kammeratane tok til å erta han fordi han altid var saman med "en pike". Og ein dag eg vilde gå inn i hagen til han, kasta han eit kålhovud etter meg. Med knust hjarta gjekk eg heim og gret meg i svevn.

Ei tid etter møtte eg han ilag med ein flokk andre gutar på gata. Då skulde han rett syne

1 Den kjende klokkar Nils Trondsen i Vang, som i 64 polemiserte so kvast med Arvesen på Sagatun. Den fyrste tidi sokna Hamar by til Vang.

2 Forstmeistar Stalsberg var styrar for Løvenskjold-skogane og budde i ein mannsalder på garden Brekke i Aker.kva kar han var og ropa etter meg, at eg var "en vemmelig pike som gikk med laset kjole".

Det var det verste han kunde segje, for den kvendelege fåfenga var alt sterk i meg, og klæde-spursmåle var eit sårt punkt. Mor, stakar, streva nok med å halde meg heil, for eg var ei fæl "Rivi-hel", som klatra i tre, ok på ei fjøl når eg ikkje hadde kjelke og slost med borgarskulegutane. (På Røde-Kors tilstellingi umbord på det gamle krigsskipe Kong Sverre i 1910 fortalde oberstløytnant Borchgrevinck meg, at me ofte hadde slåst i akebakken fordi eg "foretrakk Ferdinand.")

Akebakken framum alle andre var kyrkjebak-ken og tvert yvi torge, som altid var folketomt. Og so tvert yvi Strandgata, som ogso var tom, og ned på strondi, der korkje jarnveg eller hus stengde dengongen.

Laset kjole! Det var som han støytte meg ut i det ytterste myrkre.

Han var upplærd til å tala so fint, d.e. so dansk som råd var, og det gjorde han endå større og meir vedunderleg i mine augo. Me streva nok alle med å tala fint og halda oss fri for "gatesproget" og "bondemålet", men det var ikkje so greit. Dei sterke bygdemåli rann naturleg inn yvi den vesle byen, der storparten av folke enno var bøndar frå næraste bygdene, som dreiv sinehandverk; handverkarar var lenge meir naud-synte enn både fut og prest.

I 1848 var byen ved lov grunnlagt. Seks og tjugande april sanksjonerte kongen stortingsved-take um "en kjøbstads oprettelse i Vangs prestegjeld, Hedemarkens fogderi og amt".

Like til 1871 var bygrunnen berre 400 mål, og hadde lenge berre ei nemnande gate: Strandgata, der alle hus hadde andlit mot Mjøsa og dei koselege hagane på strondi. Dei gode borga-rar i Strandgata drakk um sumaren ettermiddags-kaffien sin i hagen, og kaffibrette måtte dei bera tvers yvi gata. Men kva gjorde det. Kom eit menneskje slengjendes der, var det ein granne og god kjenning.

Køyredoningar var sjeldan å sjå, og kom det ein, so var jamvæl det "kjinns folk". Bøndar frå Furnes, Vang eller Stange, som ofte stogga og fekk sin kaffikopp med. Elles var det helst um mor-gonen dei kom inn til byen med matvarone sine.

Strandgata, den vakraste gata i verdi, var i mi tid trygg som ein innbygd barnehage. Der kunde me "trille i holoa"

og hoppe paradis so mykje me lyste.

1 1868 skreiv ein forfattar i Folkebladet, at alt ("da jeg sidste gang var der og byen nylig var oprettet") gav inntrykk av noko halvt og uferdigt: hus som nett var upptømra, "ubanede gader, op-

2 — Garborg.muringer, overskjæringer, arbeidsfolk, haand-verksredskaber henslængte overalt, — ingen kan afgjøre, om det vil blive noget hyggeligt deraf —

Men ein poet i Hamar Budstikke var alt i 1849 meir vonfull, og syng høgstemt um

En vaagen Drøm Der blomstrer en Lilje paa Hamars Grund, som nyvunden Seier paa classisk Bund en Lysets og Sandhedens Seier —

Og Uskyld og Skjønhed har sammenlagt i Liljens Bæger sin hellige Magt, o. s. b.

Ja, for denne poeten, og sikkert for mange andre, var den nye kjøpstaden strakst "Oplands fagreste lilje".

Kva skulde ikkje denne Mjøsbyen bli til for dei grøderike historiske Heidmarksbygdene!

Stort vart det drøymt, og mange vers vart skrivne; atterskine frå det gamle Storhamar var enno ikkje slokna.

Men då eg i 1860 åri hoppa paradis i Strandgata hadde byen endå berre 100 branntrygda hus.

*

Eg var so ulukkeleg etter at Ferdinand hadde svike meg, at dei gamle venene mine, "Marja hans Hans" og "Siri Selmer" måtte finne på tusundting for å trøyste meg. "Siri Selmer" heitte elles slett ikkje Selmer; ho hadde mist sitt eige namn, av di ho so lenge styrde huse for ein Selmer. Og Marja miste sitt, då ho gifte seg med ein arbeidsmann som berre heitte Hans på heile Hamar. Det greidde seg; byen var ikkje større. Var nokon i tvil um kva for ein Hans det vart tala um, so sa dei berre: "Hans hennes Marja."

Marja hadde tent på Saastad, men i mi tid "gjekk ho i husi" og var til gagn og giede for alle med sitt godlynde og friske humør.

For meg var ho "bånjinte" når mor var burte. Og eg var so glad i henne, for ho sa so mykje rart og morosamt stødt. Og tralla og song kor gale det gjekk. "Ha je en hælvskjelling, ha je støli'n," sa ho, "men kæin du veksle denna?"

Og ho slo ein bukseknapp i borde og lo hjarteleg med den tannlause munnen sin. "En lyt ta det en får og takke når en går ma."

— Mor gret ofte, og då var eg redd og kraup under borde og sat musestill og lydde etter det ho og Marja tala. Eg skyna ikkje alt, men mykje meir enn dei trudde. Og eg vart ofte so leid meg, at eg la meg ned og beit i ein dokkelapp for å døyve gråten.

Det var Saastad dei tala um. Og eg skyna so mykje, at eg ofte vart redd og sette fingrane i øyro. Og då hadde eg berre ein tanke: Komameg undav, til Arstad eller Diesen eller andre paradis eg bar i hugen som ei lengting og ein sæl draum altid.

Men Marja var ikkje sentimental. Når eg tok mor kring halsen og kysste henne, snudde ho seg burt og sa tvi! Slik kjæling var mot all folkeskikk.

Og når eg ikkje vilde leggje meg um kvelden lest ho skjenne: "Ti still nå, svivelsvansen, og få tå dei fjøra!"

Svivelsvansen var kjælenamne ho jamt bruka på meg, elles heitte eg Krølltoppen i heile byen.

Eg tykte Marja var so ven, endå eg måtte le av den innfalne munnen som togg med tannlause gomer. Ho hadde altid reint, kvitt stive-skaut på hovude og stiv brun verkenskjole. Og når ho tok av seg skaute um kvelden knytte ho det aldri upp, men tok det varsamt av og sette det på borde, so det stod der som eit "tomt hode". Det var mi store frygd. "Den je — mener — nå," sa Marja når dei tala um det som hendt var på Saastad. Eg lærde snart å skyna det var far dei tala um. Og eg fekk høyre um lag og baller, um kortspel, um hestar og hundraddalarsetlar,

um mat og drykk, so det knapt hadde vore verre i lendermannen Halvards tid.

Og Marja kunde ofte få mor til å le, når ho fortalde frå "stortia", som ho kalla det. Ja, detaller beste ved Marja var at ho fekk mor — eller mama som me sa dengongen — til å le. Eg var so glad når dei lo. Og eg lo sjølv so eg rulla meg på golve. Stova vart ljos og hugleg i slike stunder.

Men aldri lydde eg i større spaning, enn når dei tala um systerne mine som var hjå far i "Kristiania". Dei gjekk på frk. Bauers skule, og det kom eit fotografi av dei som eg ikkje på lenge kunde rive meg laus ifrå. Kunde prinsessor vera finare! Eg vart hjartesår og hugsa Ferdinands ord um kjolen min. Hadde eg havt slik kjole som Martha og Sofie, og slik hatt med lange band nedetter ryggen, so kunde Ferdinand aldri ha sagt det stygge orde.

— Ein dag då eg var kring åtte år kom dei til Hamar og vart hjå oss ei stund. Då hadde dei skotske kjolar med små krinolinar under og grå filthattar med raude fløyelsband ikring. Aldri hev eg hata mine grå cordkjolar meir inderleg. Cord var eit stivt slitety som eg altid fekk til "skulekjolar". Men skulekjolen var sundagskjole og, so lenge han var ny og blank. Når eg vart stor skulde eg aldri sjå grå cord for augo mine! Det vart ein av dei mange ting som fekk meg til å lengte etter å bli stor og sjølv tene pengar! Å, det var ein sæl draum gjenom heile barn-domen!Men so ein dag fylgde eg dei tvo systerne mine på dampskipsbrygga, der dei skulde møte far. Då såg eg han for fyrste gong som eg minnest. Eg skulde be han um ein kjole, men det var hardt å få det til. Han stod der framfyre meg so høg og myrk. So uvanleg høg og myrk.

Då eg fekk sagt det um kjolen, som helst skulde vera skotsk, slo han ut med handi og smilte. "Du har da så pen kjole," sa han. Men då vilde gråten upp og eg fekk sovidt sagt, at kjolen min ikkje var pen. "Han er laset". Ferdinand stod med ein gong for meg.

"Pytt," lo han, "sy og sprette, binde og rekke!"

Og so ringte Skibladner, og dei sprang um-bord.

Då båten gleid frå brygga stod dei og vinka til meg. Dei klengde seg tett inn til han — var so glad i denne far sin, som eg ikkje kjende, men frå denne stundi tenkte på, lengta etter i løyndom, endå so sårt det var, at han ikkje gav meg kjolen.

Seinare skyna eg, at han dengongen sjølv hadde mist alt han åtte.

Eg var ikkje høg i hatten då eg kom heim etter den turen og hadde set Skibladner reise burt med Martha og Sofie. Dei lukkelege som fekk sigle inn i blanke eventyre.

Til Kristiania!Eg kasta meg på den vesle barnesofaen eg hadde fenge med frå Saastad og fekk ei gråteri som skremde dei vaksne. Denne sofaen var liksom huse mitt og venen min. Han var so vakkert utskoren i tjukk mahogni — av ein bots-fengselsfange sa dei — og akkurat so lang, at eg kunde krabbe meg uppi han og gøyme meg for heile verdi når eg kjende meg åleine og gløymd av gud og menneskje. Slike kjenslor kunde ofte yvivelde meg, so eg mest miste sans og samling. Og no var det rådlaust å stagga meg. Eg vilde burt! Alle var slemme. Eg vilde til Arstad, til Arstad!

Mor var ikkje heime, og Siri Selmer, som skulde sjå til meg, vart tilsist vond.

"Ja, du skal kåmmå til Arstad, ditt forgjolede trøll," sa ho, "og det på flygendes flekken!" Men fyrst skulde eg ha mat, meinte ho. Men eg vilde ikkje ha maten ho laga til åt meg. Det var for lite smør på brøde. Hæ, for lite smør! Eg måtte vera glad eg fekk noko. Ein skulde helst berre sjå på smøre som 'a Sidsel Stubbrud, og aldri ta no ta det, so hadde ein smør stødt! Hæ — det æ ingen som ha låvå oss no gjest'bod her i vær'n.

Elles var eg ei pirke i maten, so mykje eg visste det! "Og det vesle du et flyg du ta dei, og vert skrinn som ein skjor-veng. Berre et no, so du kain bi emne tel ei fullgards-kjering medtia! Slik en skinn-veng æ itte no' å kjøre føre med — fysch! Sjå på a Gønner, det æ tite som itte bi borte i sengehalmen det!"

Slik skjende Siri jamt, men god som gull var ho. Og snart var me på vegen til Arstad og eg song som ei lerke og sprang som ein vill-fole yvi Stangebrua og dansa burtetter mot brua yvi Akersvika som liksom var inngangen til

himmerike.

Og på Arstad tok gamle "mor" og Fredrikke imot meg med smil og godord. Og snart var eg i vill leik millom alle dyri, eller i hagen, der reinfann og akkeleier, eldraude pioner og gul ringblom lyste kring alle vegger. Og så i jord-berbakkane, millom åker og eng og småskog! Der var ak ein unge kunde drøyme um av liv og herlegdom.

Og då Siri, som var trøyt og illevøli etter den lange turen fortalde, at eg hadde vore so trollete, at ho mest ikkje rådde med meg fyrr me kom i vegen, sa "mor" berre "A nei stakkars lita å lell."

Og so kom rømmen. Og ekte heidmarks-kringlor og tertor, som ikkje finst maken til i verdi. Dei var bakt av skire søte rømmen og ny-kinna smør, det hadde eg set ofte med eigne augo.

Dei såg ikkje berre på smøre der i garden

san! Og no var alle sorger sløkt for den gongen.

*

22Til Eskerud var det ikkje so lett å koma. Me måtte passe på å få båtskyss dit. Og Mjøsa kunde "rese bust" so det var stygt stundom.

Eg minnest ein slik båt-tur millom Hamar og øyi. Det var ruskevér då me la frå land utan-for bakar Solberg i Strandgata, og verre vart det etter kvart.

Då eg stod på strondi og såg over mot øyi, tykte eg det var ikkje lang stubben dit. Men di lenger me rodde, di lenger gleid ho inn i Toten-lande, og snart var det like langt både att og fram. Aldri hadde eg visst at Mjøsa var so endelaust breid. Og det bles og regnde, himmelen vart svartare og svartare og tjukke skybunkar hekk som tunge myrke forheng radt ned i fjorden.

Båten svinga seg og dansa på kvite båretop-par so den store mannen som rodde snaut kunde styre'n. Eg la meg livredd ned og stira inn i kave. Og eg ser enno for meg koss den kvite Neskyrkja sume gonger var radt uppunder himmelen og so sokk ned i ein svart avgrunn.

Då me endeleg kom til land, var eg halvdaud av sjøsjuke.

Men sat eg fyrst i stova hjå "Mor med rømmen", den snilde Æli Ørskjerud, som var komen frå Saastad, so var alt vondt gløymt.

På Ørskjerud er det gåsedammen og fjøse eg minnest best. Det var so herleg å sanke fangefullt av små gule gåsungar og so syngje for dei til me alle somna i den solvarme kroken millom hovudbygningen og fjøse.

Ja, på Eskerud hadde eg ogso berre ei sorg, den same som eg hadde på Arstad — at eg so snart måtte burt att.

"Mor med rømmen" var mors kjenning og ven frå Saastad i dei mest dramatiske tidene i Søgard'n. Bårone kunde gå høgt i selskapslive der, når den nye tids birkebeinar og baglar tømde horni med den bitre Heidmarks-mjøden av korn og kæintøfler,1 øl og utanlendsk vin.

Då eg lærde å kjenne Æli Ørskjerud, var ho ei eldre kone, stor og røsleg og hjarteleg godlyndt. Og so røykte ho langpipe! Fin merskums-pipe med blå perlesnor. Eg hadde elles berre set nokre gamle legdkjeringar røyke, og dei bruka kritpipe.

I mitt minne var det ho som fyllte huse. Mannen hugsar eg best attmed omnen inni eit lite kammers. Han var liten, blid og snild, lika å prate med meg og klødde seg av og til på ryggen med ein "kløpinne" til mi store moro.

Elles elska eg budeia. Ho var ung og ven og hadde sengi si i fjøse, der eg eingong fekk liggje med henne. Den stutte, breide tresengi stod under det vesle grøne glase ved døri, og derifrå

1 Kæintøfler: Poteter.

24kunde ho sjå inn yvi heile fjøse og høyre koss dei hadde det i alle båsane.

Den eine sida, der ungfée stod, kalla me "Lågåsild-sida"1, og der stod Gråsi, den sylv-grå kviga, som var mi på

lissom, og som eg vaska og kjembde og batt blomsterkransar kring halsen på.

Eg låg uppmed veggen under glase og stira på alle dei løene dyreryggane som fekk sylv- og gullglans i den breide månestripa som fall på skrå innyvi næraste bås-rekkja. Det vart til det villaste eventyr.

Og ingen av oss hadde hug til å sove. Me vart liggjande og fortelja alt me hugsa um troll og nisser og "Urdra", og all slag "spøkeri" til eg såg det altsaman livande inni halvmyrkre, og eg låg og dirra av spaning. For mor til Sidsel hadde sjølv set nissen. Ja Sidsel sjølv visste han var til, og at han "drog" høy til dei kyrne han lika. Og no var det visst, at han drog til Gråsi, den vesle kviga mi. Kven visste um han ikkje vilde syne seg i natt?

Det var laurdagskvelden, og Sidsel var vats-kjemd og såpevaska so det glinsa i andlite hennar kvar gong det kom inn i månestripa. Og rein serk hadde ho bytt på seg, so eg såg det.

1 Lägåsild: Små fisk av aure-slage som kjem ned i Mjøsa frå Lågen um hausten og vert fiska der.Det var slik ein serk som hadde "ner-del" av grov strie, og "ovadel" av lereft. Ho fortalde meg, at ho hadde fire dalar åre i løn og to par skor og seks alen strie til ner-deler. Og det tykte ho var storgildt, so ung som ho var. Kitlande kåt og glad var ho, for i fjøse treivst ho so hjarteleg godt. Vilde slet ikkje byte med dei som låg inne. Aa nei san!

Flugor? Nei då, ho kjende ikkje flugebit. Men eg fekk slet ikkje sove for flugor som surra kring hovude mitt. Soleis kom eg til å vera med på ei laurdagsnatt-festing som vei elles ikkje nett var etla meg.

Då det leid på kom drengen frå grannegarden stiltrandes inn og sette seg på sengkanten. Såg ikkje meg som låg i myrkre innmed veggen. Eg vart stiv av redsle. Var det skrømt, eller . . .

Men Sidsel lo. Jaso — var det folk? "Jamen ha vi glømt å slå for skåta, Hulda", sa ho.

Då såg han meg, men let som ingenting. Vilde berre snerte seg innum med litt godter, ettersom det var laurdagskvelden. Og han var so blid som eg skulde vore både venta og vælkømin, eg og. Og dei fjasa og småprata med' han pakka ut kakor og ei flaske med søt vin.

Det vart selskap på skinnfelden, lo Sidsel, og breidde ut blanke "okse-auer" framfyre meg.

26Okse-auer var det beste av alle kakone til bakar Solberg, runde, gule ringar med ein herleg raud syltetykladd inni; det var ikkje hårdagskost han kom med!

Og no skyna eg, at Sidsel ikkje vilde byte med dei som låg inne.

*

Ogso på Lund i Stange hadde mor vener. Fru Pauline Lund hadde vore mykje på Saastad, og ho hadde kalla dei tvo døtterne sine Martha og Sofie etter systerne mine. Martha og Sofie Lund hev eg sovidt råka seinare i live, og eg var innum Lund den eine gongen eg hev set Saastad. Martha Lund som eg då råka mintest meir frå Stange enn eg. Ogso frå Saastad. Det fyllte ut dei bilaeti eg bar i meg av live på fødegården min.

Ein gong var eg ogso med mor på "Stori" (Store Ree)1 i Stange. Der såg eg for fyrste gong kalkun-hanar sigle rundt med brusande fjør-hjul og den løglege "tarmen" nedyvi nebben. Verre trollfugl hadde eg aldri set, og eg vart ikkje trøyt av å stire på dei frå troppi der me sat med eit her legt kaffi-bord framfyre oss. So mange kakor hadde eg heller aldri set, og heller

1 Der er fleire Ree-gardar, "Stori, Lilleri og Langeri", som me sa.ikkje so store og rike salar og stovor. Men då hadde eg enno ikkje vore på Sæhli.

Minnest eg rett heitte fruva på Stori Marte. Ho var klædd som andre gardkonor, hadde ikkje skaut.

Og so var det Mons! Ein ljos, førlagd kar, hjarteleg, godsleg og blid. Han vart eg strakst glad i. Og fyrr mor og eg vandra på heimveg, skyna eg det hadde vore snakk um at eg kanskje kunde få koma att og bli der. Um det var for stutt eller lengere tid, veit eg ikkje, men då eg lå i sengebenken min um kvelden hadde eg berre ei bøn, som eg sa inni meg, upp att og upp att:

"Kjære gud, la mig komme til Stori! Kjære gud, la mig komme til Stori!

Eg tagg og trygla so lenge, at eg til sist trudde. Neste morgon vilde Mons koma med den store hesten og den fine vogni, so blid at det lyste av han, og segje: "Sett dei oppi, du ska få vara med til Stori!"

Men ingen Mons kom. Eg lurte lenge på um gud kanskje trudde eg hadde blit for "bortskjemd"

um eg var komen til Stori.

*

— Det var elles dei som skjemde meg burt på Hamar og. Fyrst og fremst gamle fogdenBay.1 Han stappa meg med kolerakakor og Kongen av Danmarks brystsukker og alt som godt var av mat og drykk, og i hagen hans ut mot strondi fekk eg tumle meg som eg vilde.

Det store brune tvohøgds trehuse ligg der enno som den gongen. Ofte tek eg meg ein tur derut, når eg er på reise til Øysterdalen um sumaren.

Høiensalsodden vert no kalla Sterudodden, men elles er mykje i den delen av byen enno som i mi tid. Den herlege strondi utanfor futegarden er ubygd og utsyne yvi Mjøsa det same herlege som for 60 år sidan, og ytst i Skappel-gata ligg enno "Bergersgaarden" som far min i si tid åtte. (Seinare vart det "Brocksgaarden".) Og nesten vegg i vegg med den ligg huse der Gløersen hadde skulen sin, der eg gjekk i fem år.

Far var den fyrste sakførar på Hamar, og ei tid den einaste; han hadde kontore sitt i "Bergersgaarden", og budde der ogso stundom. Det var der han reid "Rauen", den namnspurde hesten sin inn i stova ein gong. Stallen, hovudbygningen og den gamle vedskålen stend enno som i hans tid. Likeso den vesle hagen med flaggstongi og syrinlysthuse på hyrne ut mot Storhamarvegen.

1 Bay var flutt inn til Hamar frå Arstad i Stange same dagen som byen vart eigen kommune 12. 10. 49. Han var fyrr prokurator i Elvrom.

29Gardsinteriøre i Brocksgarden er typisk for den fyrste tidi det nye Hamar vart bygd. Dei flutte landsens liv med seg inn i byen, og heile Strandgata hadde ogso tun og uthus bak framhuse mot gata. Det vart ogso ofte sagt at Strandgata var "ei kulisse"; og attanfyre den var "ingenting". Men det er gale. Attanfyre livde folke sitt arbeids- og kvardagsliv. Plent som i dei tusund små bondebyar i Provence, der ein mest aldri ser folk på gata. Dei liver på baksida der hagar og marker og vinbergi ligg.

Eg minnest so godt alt i den gamle Bergers-garden frå eg i skuledagane gjekk der og las engelsk med løytnant Brock. Brock var ein original, vælkjend i alle Mjøsbygdene som talar og framifrå "hestekar". I si rittmeistartid reiste han kring i bygdene og vart populær i kvar gard for sitt hesteskyn og sin sermerkte vittige men ogso strenge måte å segje si meining på. I si forvitne-lege bok "Fedrenegården" skriv Ole Hersoug nokre ord um Brock, som syner at han var både "fryktet og elsket". Han hermer Brocks ord um den "stolte Ringsaker-eskadron, den raske Stange og den tapre Toten".

Men gud nåde den "jeger", som ikkje hadde "munderingen" sin i orden når Brock kom i garden og skulde visitere.

Pålag slik var han og som lærår. Han dyrkaoss og skjemde oss burt med chokolade, kakor og morosam skjemt når me var flinke, men hædde oss so me mest kraup under borde når me var

W J II

dumme .

I mi tid var han lærår ved Borgarskulen, og den var berre for gutar. Men ein gong tok han Pauline Evensen, dotter til gullsmeden, som las engelsk i lag med meg, og meg upp i ein gute-klasse der me fekk høyre på ein engelsktime. Me var byrge, men gutane var rasande. Fleire av dei rauk på oss i akebakken um kvelden, so det vart villt slagsmål. Pauline kom sidan til Oslo og skulde ta guvernante-eksamen, men døydde der inne.

Brock hadde ogso tvo unge herrar som privat-elevar. Den eine var seinare sanitetsoberst In-gjald Reichborn-

Kjennerud, som i si tid vart ein friviljug framifrå (ulønt) medarbeidar i Steinar Schjøtts Dansk-Norsk ordbok. Schjøtt segjer i fyreorde, at "en del medicinske og anatomiske, samt mange botaniske og en mengde zoologiske navne skyldes ham". Ein gong møtte me Brock med desse tvo elevane; dei kom frå symjeøving i Mjøsa. Han var uppglødd for sport og sa, at ogso småpiker skulde lære å symje. Det var so herlegt! Fyrr me slutta hjå han heldt han chokoladelag for dei tvo herrane og Pauline og meg.

3 — Garborg.1 1912, då eg var i Harstad med Det norske spellaget, møtte sanitetsoberst Reichborn-Kjen-nerud på brygga, og me vart gjestfritt mottekne i heimen hans der. Sjølvsagt tala me um Brock. Og det var me samde um, at han var ein lærar ein aldri gløymde — makelaus og morosam! Ein original, som det gjekk mange segner um. Men at Brock skal ha vore model til løytnant Hamar i Bjørnsons "En Fallit", er for meg ikkje lett å skyna.

— Eg råka Brock att ein gong etter mor og eg var flutt til Oslo. Det var sumaren 76, då eg var på Skøien i Romedal i ferien. Eg gjekk då og las for Gustav Jensen i Vestre Aker og kjende meg vaksi dame. Hadde fengje ein raud parasoll og tok ein tur ned til Hamar for å syne meg på Strandgata.

Då kom Brock imot meg og ropte: "Nei, er det dig! Nu er du jo blit en stor dame med parasol!"

Og so fortalde han lukkestrålande, at han var trulova. "Hun heter Elisabeth! Og hun er enda søtere enn du!"

Han song det ut, so eg måtte le. Han var då plent den same.

Og eg tenkte, at dei tvo lærarane eg aldri kunde gløyme, var dei tvo eg miste då eg reiste frå Hamar, Gløersen og Brock.Ein skulekammerat eg råka att på Hamar, då me båe var gamle, fortalde meg mykje um Brock frå den tidi han fann si Elisabeth. Ho skulde ha vore ei vedunderleg fager kvinne, og ein gong hadde han ride i ring kring henne gong på gong og ropa namne hennar i rein ekstase.

Ein riddar frå romantikkens tid.

*

Det var i Bayheimen eg fyrste gong høyrde um far, at han var ein "skarp jurist". Det høyr-dest fælt ut for ein femåring, og eg våga aldri spyrje kva det var for slag. Det var slikt ein måtte gøyme og gløyme saman med alt anna ein ikkje skyna.

No veit eg, at han tok til som "amtskontorist" og sidan vart sakførar. I Hamar Budstikke skreiv han i 1856 ei rekkje artiklar um "Fortolkning av den nye lagretteslov." Han hjelpte elles Seire gonger til i redaksjonen.

Det hev vore i Bays tid far var amtskontorist, og soleis var det vei at gamle Bay tok seg so faderleg av meg. Ja, eg fekk altid høyre, at futen "skjemte mig bort". Og visst er det, at både "gamle-futen" og den konstituerte futen Scheel og huslyden hans var snilde og ofte tok meg inn i futegarden på Høiensalsodden. Eit minne um gamle-futen hev sett seg fast i meg for live.Eg ser det som eit Iivande bilæte for meg når eg vil.

Kva det var i vegen, veit eg ikkje meir, men ein dag vart eg "uskikkelig" i futegarden, skreik og vilde heimatt. Og Bay sa til ei tenestgjente, at ho skulde ta meg på ryggen og bera meg heim. Me budde ikkje langt undav då. Men då eg væl sat på ryggen til gjenta kom futen med ein heil geitost knytt i ein salvet og batt på min rygg att. 'Og så får du komme igjen når du blir blid da Toppen," sa han. Eg ser han enno stå i porten sin og le godsleg, med' det lange kvite håre bles til vers kring det store hovude hans.

Og då vart eg nok fort blid. Ingen var då som gamle-futen!

*

Og so var det bakar Solberg! Han som hadde butikken sin på hyrne rett yvi for Viktoria hotel i den låge, koselege garden, der det enno er bakar-bu — akkurat like låg og hugleg som Solbergs.

I den garden kom mor og eg til å bu ei tid, og då vart Solberg som ein liten vårherre for meg.

Mor reiste i den tidi til Christiania ein tur. Ho hadde ei syster der som var gift med navigasjons-lærar Fredrik Stokke, han som hadde ein av dei

34siste private navigasjons-skulane derinne. Der var då mor med' ho gjekk og lærde "finere skreddersøm," det einaste ei dame i den tidi kunde tenke å livberge seg med, når ho vart åleine. Ho vart gift 18 år gamal, og hadde ingenting lært utom slike "Fruentimmer-netheder" som frøknene på "asyle" i Gamlebyen1 lærde henne i barndomen. M. a. hekla ho fine pipesnorer av blå og kvite perlor, klypte lampeslør av silkepapir i mange fine mynster som ho teikna på med blyant. Og ho laga hattar til lampeglas i form av ei rose av raudt ullgarn med blad av grønt garn. Alt sett på ståltrådstylk, virra med brunt.

Desse kunstane lærde ho ogso meg, og sumt seide me. Eg minnest at gamle Skappel, "Hamar by's fyrste borgar," eingong gav meg ein halv dalar for ei pipesnor. Han var litt halt, og svært snild å kjøpe rosiner hjå. Eg fekk eit heilt kræ-marhus for ein halvskilling. Det var han som lyste ut opningi av forretningi si soleis i 1849:

Tilsalgs.

Undertegnede der har etableret sig som Kjøbmand i den nye by Hamar, anbefaler sit Vare-udsalg, som for nærværende Tid er i Gammel-huset, bestaaende af de fleste Sorter Colonialvarer, Salt, Sild, Fisk, Spiger og Jern i forskjellige

1 Scinare Oslo, no atter Gamlebyen.Dimensioner, Maler & Farvevarer samt Vine og Brændevine, hvoraf det Sidste ei leveres mindre enn 40 Potter, hvilket sælges billigst mulig af

E. Skappel.

Morosamt er ogso upprite frå det fyrste bystyremøte i det nye Hamar.

Då byens borgarar hadde valt sitt fyrste styre, "var det ikkun 6 stemmeberettigede borgere tilbage," men dei valde "trådte straks i virksomhed."

Og alt på fyrste møte var dei strakst so luk-kelege å få ei sak å avgjera. Ordføraren kunde melde "en i dette Øieblik indløben Skrivelse af Dags Dato fra Magistraten, hvori Formandskabet er opfordret til at afgive Betænkning og Beslutning om

a) hvor mange Personer i det høieste der bør have Ret til at udskjænke og til i mindre Partier end 40 Potter at udsælge Brændevin, og

b) at tage under Overveielse og afgive Skjøn om, hvor stort Kvantum Brændevin der i næste Aar i Kjøbstaden Hamar kan antages at blive udskjænket og i mindre Dele end 40 Potter udsolgte."

Byens 6 repræsentantar vart samankalla, og "efter nogen Overveielse fattedes enstemmig Beslutning om at Udskjænkningsstederne skulde være 2, og Udsalgsstederne ligeledes kun 2. Ogvidere at det omhandlede Kvantum Brændevin burde bestemmes til 12000 — tolv tusen — Potter."

*

Mor var reist til Xania, og eg var att hjå gode folk. Mest var eg dengongen hjå bakar Solberg. Han var ungkar og hadde syster si Eline til å stelle for seg. Båe var hjartansgode og glade menneskje.

Der var eg då som barn i huse. Det var ogso like ved Victoria, og på salen der, "Grønstad-salen" som han endå jamt var kalla, fekk eg sjå og høyre mykje rart. Vertsfolke, Petersens, var kjenningar av mor og hadde si moro av den galne gjentungen. Der vart eg eingong besteven med dvergen, admiral Piccolomini og kona hans. Eg var då 4—5 år gamal, og "admiralen" og eg var like store. Men han var svært tjukk, og likso svarthærd som eg var ljos. Han lærde å segja "Krølltoppen," og ein kveld lyfte dei meg upp på det store borde til han med' han tala til eit takksamt publikum. Han var klædd i ei fin-fin uniform og tala eit forlokkande "labbelendsk", som han lærde meg litt av. Det einaste me skyna var nokre svenske ord han blanda inn.

Då dei reiste, fekk eg fotografi av han og fruva. Ho var som ei normal vaksi kvinne, ogfolk tykte det var meir enn rart, at ho vilde ha so liten ein mann.

Eg var elles kjend mest i kvar heim i Strandgata, og var ikkje nett einsleg um mor var burte. Men Eline Solberg

og bror hennar tok seg nok mest av meg. Solberg var raud og kvit og rund og hadde svart krulla hår, og nest etter Ferdinand og Bay hadde eg ikkje vore so glad i nokon som i Solberg. Han hadde båt, og um sundagane var me ofte på landturar. Ofte berre utpå Tjuvholmen, som dengongen ikkje var landfast. Der var fin skog og reint og vakkert, ikkje søppelhaugar som no.

Ikkje trong me stor utrusting til ein landtur i den tidi. "Spleise til potøl og ture med mjølk," sa Eline. Og jamen var mor og eg eingong på landtur til Storhamar med kaldgraut i eit fat og ei mjølkeflaske og hadde det godt i solbakken. Eg laga blomekrans kring fate som var innknytt i kvit duk, og prydde grauten med nyplukka jordber. So fest var det — og herrekost.

Men når me var utrusta frå Solberg, kom det nok fram både vørterkake og bollar. Ja "okse-auer" med stundom. Desse landturane var vår største moro. Og ingen var som Eline til å finne på og duke upp festbord.

Ja, Eline Solberg var snild, og ofte fekk ho høyre det. "Ja deffer vart je så tidlig gift", lo hodå. Ho var slet ikkje gift dengongen, og ikkje so reint ung heil.

Eingong hadde Solberg fenge ny båt og spurde um eg kunde gjette kva den skulde heite. "Gjetter du rett skal du få ei kringle," sa han.

Eg gjetta og gjetta, men alt var gale. "Å nei, du gjetter det nok ikke," meinte han. Men eg var redd for å misse kringla og ropte: "Jo bi litt, bi litt!"

"Ja, nå råkte du det," lo han. "Bi-litt" ska'n hete, og her er kringla".

Dei bruka mykje slike snodige namn i Mjøs-bygdene. På Toten var ein plass som heitte Bi-litt, og andre som heitte "Stå-litt", og "Reka-på" og "Gå-litt".

Idetheile er det hum øre eg best hugsar frå den tidi. I alle dei gode handverkar-heimane fanns denne friske, godlyndte og barnslege giede ved all slag små-moro.

Verkstader av ymse slag var det mest i kvar gard. Innanfyre dei tvohøgds husi som vende mot gata, var det altid store innbygde gardsrom, liksom gode landsens tun med uthus ikring. Og i desse uthusi var ofte stall og fjøs, grishus, vedskåle og verkstader. Iser verkstader. Og mest i alle handverkarheimane var det vælstand og godt humør. Eg minnest og at den folkekjære bispen Folkestad — den fyrste bispen i

39det nye Hamar — skulde ha sagt, at handver-karstandet var ryggraden i byen gjenom 60— 70 åri.

I mange av desse gode heimane fekk eg vener og skulekammeratar. Store hyggelege stovor var det alle stader og store kjøken med ei mengd blanke kopar-kjerald på veggjene. Og der var hjarterom og gamaldags gjestmilde i stor stil med traktering som på storgardane kring Mjøsa. Storparten av dei innflutte handverkarar og handelsfolk var vei og frå næraste bygdene og tok med seg sed og skikk derifrå.

Og hum øre.

Ofte gjorde dei gjøn med dei nye bymotane som kom inn med "dei kondisjonerte", officerar og embætsfolk.

Eg minnest soleis då oberst Dessen kom til Hamar, og dotter hans, Dagny, synte seg med knestutt kjole og "bakpåhatt". Ho var den ve-naste og finaste smågjenta me hadde set, og me innfødde freista herme etter henne so godt me kunde i alt. Dagny Dessen vart vårt store mynster, og me gav oss ikkje fyrr me fekk lagt upp kjolane våre og rådd oss til bakpåhattar, d. e. hattar som sat bakpå hovude so håre synte framme. Men dette var altsaman revolusjonært, og venen min Solberg hadde ei stor morostund då han fekk sjå meg i dette utstyre. "Snart vert

40det vei på moten å gå spiller naken med ei lang strudsfjer i enden," sa han.

Dette orde livde lenge etter han. Men det hjelpte lite, at dei gjorde narr av oss. Alt som kom frå Kristiania var fint og storfelt, og me drøymde alle um å koma dit. Det drygde lenge fyrr draum og tanke sveiv lenger ut.

Men i kjøk og verkstader livde enno nisse og hulder, skjemtevisor og landsens moro.

Eg høyrde i fyrste barneåri mangt um gamal tru og skikk, som eg seinare hev bruka i bøkene mine.1

Ogso ord som eg aldri hevhøyrt andre stader, og som ein mest skulde tru hadde halde seg frå Hamar var katolsk kyrkjecentrum. Soleis sa Siri Selmer når eg klædde meg ut, at eg "spjåka meg ut som ei Gregoriusbrur". Og gamle Marja bruka å segje, at skulde ein "pinatere" både når ein hadde noko og når ein ikkje hadde noko, so vart det sveltihel stødt. Med pinatere meinte ho spekje seg (halvsvelte).

*

På Diesen i Vang vart eg kjend då onkel Stokke budde der nokre sumrar.

Han var frå ein heilt annan kant av lande, men vart glad i Mjøsbygdene den tid me var

1 Trilogien "I Huldreskog", o. a.

41på Saastad. Sidan leigde han seg inn på Diesen i ferietidi um sumaren.

Navigasjonsskulen hans gjekk lenge svært godt, trur eg. Eg minnest skulen og den gode heimen best frå den gamle garden i Møllergata, (17?) med svalgangar kring eit stort gardsrom, der " Fedraheimen" seinare fekk kontor. (11884 gjekk eg på målskule der hjå Ivar Mortenson, som då var redaktør etter Garborg).

Altid var det fest når onkel Stokke kom til Diesen med huslyden sin. Han var ein godsleg og munter mann, gift med syster til mor. Hadde vore på Ishavsfart i ungdomen og var full av moro, ordtak og historier. Og den staselege Die-sen-enkja, Anne, som var likso god skipper på si skute, den herlege store garden, som han vis-seleg hadde vore på si, ho lika seg når'n Stokke kom. Dei var snilde og godslege båe, men kunde vera strenge og. Dei vilde ha orden i alt.

Onkel Stokke var litt av ein matkrok. "Ku-stek og hanefrikasse" vilde han vera fri for, men den trauste gode Heidmarksmaten sette han stor pris på.

Heime i Oslo gjekk han altid sjølv og tok ut sundags-steiki hjå madam Mikkelsen på Youngs-torge. Det var ingen "basar" den tidi, dei gode, velkjende "slakterborgarar" stod ved sine bord under telttak nedst på torge, der frukthandelen

42Fot. Ei1is Austlid Saastad i Stange SangenStrandgata, Hamar 1875no held til. Men um Mikkelsen-folke og den unelege heimen deira uppi Trondheimsvegen skal eg seinare fortelje.

Når Stokkes kom som gjester til Saastad i stortidi der, vart dei henta i vogn med tvo spreke hestar fyre. Eller um vinteren i breidslede med bjønnefeld og kvitt "filer-tæpen" framyvi ryggen på dei velkjende parhestane. No møtte mor og eg på dampskipsbrygga utan hestar med songverk1 og annan stas. Men fest vart det likevel, og på Diesen vart med ofte gjester.

Um Hamar sa onkel Stokke, at det var byen med store torg utan mat og store postar utan vatn. Desse ordi hev eg ofte hugsa ut gjenom åri. Vatspostane midt på torgi var nok jamt tome, men tilsist kom dei då heilt burt. Annleis med torgi. Dei er den dag i dag mest like tome. Berre på stortorge kan ein sume dagar sjå litt liv, helst i bertidi um hausten. Men dei gode bygdefolk som då står der med varone sine, fyller ikkje halve torge. Dei andre torgi er enno fri tumleplass for born og ungdom, opne og nakne som dei ligg der og skrik etter treplanting og anna som kunde gjera dei til ein pryd for byen.

Men takk vere Anne Diesen hev byen no likevel fenge ein park. Den framsynte og rauste gamle Diesen-fruva gav byen 9 mål av garden

1 Songverk: Dombjøllur.sin på dei vilkår at dei skulde bli folkepark, og so vart det.

Og Strandgata er, eller rettare var ein "Strandpromenade", som tusund byar kunde ovunde Hamar. At jarnvegen fekk lov å øydeleggje denne herlege gata er synd og skam. Kvar sjøby i verdi vilde gje store pengar for å eige slik ei vedunderleg strandline.

Men på Diesen ved den vakre Akersvika lika den heimkjære sjøgasten seg. Anne var greid og stokk ikkje attende for ein skjemt. Og der var store stovor og fritt utsyn.

Snart vart det heller ingen veg eg gjekk oftare enn Diesenvegen. Herlege dagar var det, når me lauga oss millom tømmerflåtane nedi Akersvika, eller låg nedi hougane og plukka jordber og let solreven ta oss. Det største eventyre var likevel bleikjevollen nedanfyre hagen, der den kvite lereftsveven låg i lange rader og skulde bli kvit. Dei svale sumarskveldane gjekk me der og sprøyta vatn utyvi linveven og midt på vollen var ei liti hytte, der ei gjente låg vakt um natti. "Hytta" var berre ei yvibygd halm-bosu med ein lett skinnfeld til yvibreidsle. Stormoro var det å lig-gje der ei stund og drøyme um "Urdra" (Huldra) som nok heldt til nedi hougane der.

Og so drengjestugu! Der var dans og spel og moro stødt, når dagens arbeid var undagjort ogalle folki kom inn etter siste matmåle i det store kjøkene i hovudbygningen.

Fyrste gongen eg var på Diesen gløymer eg aldri. Alt var herlegt, ikkje minst kinnmjølk-grauten me fekk til kvelds. Eg tok dugeleg til meg, og vart so låk, at eg måtte gå frå borde. Anne sat der vyrdeleg og fin i svart kjole med smal kvit krage i halsen, kvite hand-kvardingar og kvitt stiveskaut på hovude, og eg hadde slik age for henne at eg mest ikkje våga gå inn att. Ho var vei vond no, avdi eg ikkje greidde maten ho gav meg. Men ho sa berre med ein logn smil: "Det æ da forsætt je ska' traktere dekk så de kast' opp lel."

Dermed vann ho hjarta mitt. Streng kunde ho vera, og når eg vart for lenge uppi drenge-stugu, der eg hadde mitt store publikum, og eg stod på borde og song eller tala etter "admiral Piccolomini", då kunde ho koma og segje som so, at no skulde "alle småfrøkner legge seg". Og då vart det stilt med ein gong, og eg skunda meg ned av borde. Og so pilta eg med yvi tune til den store bygningen, der eg hadde sengerome mitt i andre høgdi. Berre sengi var for meg eit eventyr, avdi underbreidsla var ein fin-fin raud-og kvitflekkute kalvskinnsfeld. Eg reint kjæla for denne feiden, so vakker og varm og god var han. Enno idag hev eg slik ein kalvskinnsfeld påVeslevangen, stova mi uppmed Strålsjøen i Alvdal. Det er arv frå gamle Ingerid som var fødd i den stova og livde der i 80 år.

Men ikkje var eg mindre glad i den gode gåseduns-dyna Anne breidde yvi meg um kvel-dane. Av garden var alt kome og sjølv hadde Anne med hand og hovud vore med å skapa det.

Alle hus hev andlit, og Diesen hadde eit som mest var berre store stirande augo. Tvo tette rader med høge, smale vindaugo vende mot Akersvika og når soli spela i dei um kvelden vart Diesen til kongsgarden i alle eventyr.

Kjaeraste flekken på garden var kanskje tilsist den gamle kirseberhagen, smia — eller kanskje det var "bastugu". Det vesle gamle tømmerhuse var allvisst so lågt, at eg kunde sitja på det blomerike torvtake og ta dei store svarte beri i næraste tree. Frå skigarden var det lett å klyve upp i dette paradise, som so vedunderleg var laga akkurat åt meg.

Mor hadde fortalt, at far eingong hadde tvo livande raudrevar i bur i Saastadhagen, og no bad eg Anne um å "ta inn to rever" som kunde bu i hagen min. Men då sa Anne fysch! Slikt var dyrplåging, sa ho. Det var fyrste gongen eg høyrde det orde og eg hugsa det.

Eg veit ikkje um det var eit serskilt slag kir-seber i Diesenhagen, men eg syns aldri eg sidan hev kjent den rike, rare smaken på noko anna slag. Det som hev mint meg mest um dei store myrke Diesenberi, er nokre svarte, små morellar, som finst på eit gamalt kjempetre i hagen til målaren Otto Valstad i Asker. Fyrste gongen eg smaka desse — no over 30 år sidan — sa eg: Dette smakar Diesen.

Ein smak kann som ei lukt og eit bilæte setja seg fast i ein for live.

Endå eg berre var eit år eller innpå tvo då me flutte frå Saastad, hadde eg so lenge eg kann minnast ei lengting i meg etter lande og landsens stell og liv.

Frå mor hadde eg det ikkje, for ho var byfødd,1 men far var av bondeblod. Og endå han helst vart bymann, kom til Kjøpenhamn reint liten og livde si lengste tid i Oslo, so synte han på Saastad, at han kunde vorte god bonde og, etter alt som sidan er meg fortalt av grannar i Stange. Fyrst og fremst av gamle Bernt Arstad. 2

No er den gamle Diesen-garden innbygd i byen. Men når eg kvar sumar reiser med jarn-

1 Mors-ætti hennar var frå Bøhmen, farsætti norsk.

2 Fødd] 840. Han var son til Dyre Arstad (Frenning) som drukna i Mjøsa på ein fisketur i 1863, der far min var med.

Bernt Arstad fortalde meg ogso um eit "storhall" på Saastad, då han var 18 år. Best hugsa han frå den kvelden mor. Ho hadde vore i rosefarga silke og "så vakker at det var et syn".

vegen framum der, syns eg enno det angar av markjordber frå dei små hougane ned mot viki. Og eg ser dei enno lyse av Maria Nøkleband og Tiriltunge.

Men den gamle vyrdelege Anne Diesen stend enno for meg som borgfruva i eventyri, ho som rådde land og rike åleine, når herren var på krigsstigen.

Tenarar og vaksne born synte henne ein vyrd-nad og lydnad som beit merke i meg bybarne. At bondeborni sa De til foreldri sine var for meg det aller raraste. "De mor, De."

Soleis var tiltala. Og dei lydde etter svare dei fekk på spursmåli sine; at dei skulde leggje imot var utenkjeleg. "Mor" hadde alt i si hand, og

greie på kva ho tala um.

*

Det var ikkje berre på Grønstadsalen eg hadde fått teften av teater. Eg hadde set "orntli teater" på Jønsrudsalen, og var som fortrolla i lange tider etterpå. Det var frøken Stabel, dotter til gamle oberstinne Stabel, som tok meg med. Og me såg "Reisen til Kina", og "Den svage side". Det var syngestykke båe, men av det siste hugsa eg berre ei line — "Ja, alle kvinder har sin svage si-i-de".

Dess meir sette songane av "Reisen til Kina"seg fast. Eg song dei slik det var for eit godt ord, ei kringle eller ei kolerakake når nokon bad meg.

Av onkel Stokke hadde eg lært "Hvor såre lidet der skal dertil for lykkelig at være"1, alle versi, og mor song nokre småsongar av Erik Bøgh, som eg lærde meg. Etter kvart lærde eg ogso songane av "Abekatten" og "En søndag på Amager". Alt som fint og morosamt var hadde dei frå Kjøpenhamn, der både far og onkel Stokke ofte var. Og tilsist sveiv det for meg, at når eg vart stor, vilde eg nok ikkje stogge i Christiania; Kjøpenhamn var nok endå gildare. Ja, det gil-daste i verdi.

Av norske visor lærde eg berre "Budeiens vise" av Hanna Winsnes. Men den lærde eg i fjøse på gardane. "Sørj itte kua mi for vinterens dage, Vårherre han sender nok våren tilbage", desse ordi høyrde eg so ofte, at det vart som ei strofe av sjølve Fadervår. Men dei "kondisjonerte" song dansk.

Det var ogso danske skodespelarar eg fekk sjå på Jønsrudsalen.

Elles hadde Jønsrud brennevinshandel nedunder.

Dei var so svære til å laga vers um al ting på Hamar, og Jønsrud fekk sitt.

' Jen» Zetlitz."jønsrud'n på tørje vil itte børje sønner av Nørje en toskjellings dram.

Meir hugsar eg ikkje av den visa, men ho hev visst vore lenger, for dei laga gjerne lange visor. Det var mest nokso harmlause nid-visor, som til dømes den um "Elgen på Sagatun". Sagatuns-folke, dei blide grundtvigianarane, var av eit noko meir sentimentalt slag enn heidmarkingen. Og det kom så smått fram i den visa. Ein ille forkomin elg sumde ein dag i land nedpå strondi ved stortorge, og Anker fekk han heim til Sagatun og stelte væl med han. So stod det i visa:

— og han fikk sørpe med mjøl på, så det nesten gjekk høi på —

Meir hugsar eg ikkje. Men eg hugsar den stakkars elgen og uppstyre på strondi.

Ja, kva vart det ikkje dikta um og på Sagatun! Men der kom sjølve dei store diktarane med, Bjørnson og Jonas Lie, fyrst og fremst!

Men ogso eldhuga elevar sette seg på vengje-hesten og song den nye skulens pris.

Då Sagatun vart bygd var Hamar ein ny by, snaut femtan år gamal. Og det var ikkje ven-tande at mange skulde skyna rett kva desse karane vilde. Byen hadde vorte bispesæte, men hadde

50enno ingi kyrkje; dei 1800 ibuarane sokna til Vangskyrkja. Av skular hadde dei tvo, ein liten "almuskole" og "borgerskolen".

Det vart strid um Sagatun, og dei stridande møttest i "Hamars Budstikke", byens eldste blad. Det var den ihuga medhjelparen til Anker, O. Arvesen og klokkaren i Vang, Niels Thronsen som slost verst, til redaktøren 1 blés striden av med dette verse:

"Latiner-Niels og norsken Ole, end nu jer strid og pas jer skole! Publikum har forlængst fåt nok; saa vær ei længer hinandens huggeblok!

Men Sagatun sette merke etter seg, um livetidi ikkje vart so lang. Innvigjingi hadde samla ei mengd folk, songar vart dikta, og til tiårsfesten sende dei beste menn i lande si takk og helsing. Millom andre kom Jonas Lies vakre hyllingsdikt til Sagatun, der eit vers lyder så:

"Det er i landets hjerte

ved Mjøsens blanke speil,

den fagre folketanke

har heist de hvide seil.

Og som den fremad seiler,

så seiler den sig stor;

det blir tilslut hver aandens mand,

som stiger med ombord.

1 Gram.So stor vart vei sigren ikkje; men endå trur eg ikkje nokon heilt skynar, kva Sagatun vart for heile Noregs land. Der vart grunnen rudd for "Vonheim-skulen" i Gudbrandsdalen (Christopher Bruuns folkehøgskule), Jakob Sverdrups i Sogn og alle dei andre. Kva ein elles kann meine um måten, visst er det vei, at desse skulane sådde til eit stort turrland og vekte upp att gamalt åndsliv millom bondefolke. Um enn den norske bonden aldri var so djupt nede som den danske då Grundtvig tok til.1

Det var ei forunderleg sundagsstemning yvi alt på Sagatun. Jamvel eg som var eit barn hadde altid ei løyndomsfull kjensle av at noko stort gjekk fyre seg der. (Nyst råka eg den gamle heidersmannen og Sagatuneleven, Lars Alhoug frå Furnes og han sa: Med Sagatunskulen kom ei ny tid til Upplandsbygdene).

Det var som noko ljost og vakkert stråla ut derifrå altid.

Berre å sitja på huk på golve i den store stova og sjå på mor prøve kjole på den vedunderleg vakre fru Mix Anker, var som ei liti høgtid.

— Men Sagatun, som ei tid var det lysande centrum for den vaknande norske folkeånd, fekk diverre ei stutt livetid.

' Eg v'l gjerne vise til Andreas Austlids bok "Salt frå folke-høgskulen". Det er eit godt tidsbilæte.

52Snart fekk kvar landsdel sine eigne skular, og den politiske striden kveste seg til og øydela mykje.

*

Det var på Sagatun Kristian Gløersen i 1866 la fram planen for pikeskulen sin. Og det foredrage han då heldt og

seinare prenta i Hamar Budstikke i 1866 er kulturhistorisk forvitne-legt. So gamaldags han no kann synast oss, so var skuleplanen hans likevel det fyrste stig på vegen mot ein skule med friåre syn på kvendeleg ut-daning.

I ein pikeskule vilde han helst ikkje ha framande mål, iallfall berre eit, og då tysk. Og når han vilde ha tysk (og ikkje som fyrr i "høiere pikeskoler" fransk) so var det "fordi dette sprog, hvad man så siger, har den mest dannende litteratur".

Elles skulde hovudfagi vera "Modersmaalet", naturfag og historie. Og i historie fleire timar enn elles vanleg i pikeskular,1 og meir person-og karakterteikning frå dei mest "merkande pe-

1 Det var ein pikeskule fyre Gløersens på Hamar, den dansk-fødde fru Gyth's. Ho kom frå Oslo i 1854, og på hennar skule las dei mykje framande mål, lærde musik, finare handarbeid, og fekk karakter for "holdning".

Eg minnest væl den gamle fine, kvithærde fru Gyth, med "øre-krøller" og vakkert fransk sjal — altid med den runde "kappe-korga" på armen, når ho trippa burtyvi Strandgata.rioder enn puging av milelange ætte-register, krigar og årstal".

På soge-litteraturen la han stor vinn, idetheile på "Nordens historie". Og læråren skulde for-telje altsaman.

Ein merkar i alt folkehøgskulen og Grundtvigs månd.

"Smågjentone skulde ha soga i store trekk." Dei skulde lære for live, for sitt liv, d. e. for kalle som mødrar, for heimen. Me skulde som han sa, "gudskelov ikke bli professorer".

Lenger var ikkje dei mest radikale framstigs-menn komne dengongen. Ikkje eingong Bjørnson. I eit brev til fru Karoline frå Dresden 1 7de november 18621 finst nokre ord som det er

morosamt å lese no: "--Du skulde dog ta

dig til at læse lidt ... en kvinde behøver ikke meget, men et vist stof, der kan tumle hendes tanker lidt udover byen trenger hun dog, og du skal aldri forsømme det. Og så skal du gå i kirke." —

Der stod dei etter ortodoks uppfatning so radikale Grundtvig-disciplane. Dei mest moderne og upplyste menn.

Eg veit ikkje um Gløersen hadde lese Rousseau, men at Grundtvig hadde, veit me. Og Rousseaus idear og tankar um uppseding var

1 Grotid II.det eg kom inn i dei fem åra eg gjekk på Glø-esens skule i Skappelgata på Hamar. Det skyna eg, då eg seinare i live sjølv kom til å arbeide med Rousseau.1

Og samanhenge millom Rousseau, Grundtvig, Gløersen og Sagatun vart fyrst heilt medvete og klårt for meg, då eg i 19** sat på Eidsvoll folkehøgskule og høyrde Erling Grønland tala um Grundtvig. Etterpå skulde eg tala um Rousseau, og eg måtte ta til med å segje, at Grønland no fyrst rett hadde lært meg, kor mykje Grundtvig hadde bygt på Rousseau, og ført ideane hans um religion og uppseding til Nordlandi.

Ein kan då segje at det var båreslagi av ei verdsrørsle som slo inn yvi den vesle nybyggar-byen ved Mjøsa i seksti-åra.

Eit ord av Rousseau måtte eg serleg hugse, når eg tenkte på Gløersen. "Gjev barne lyst til å lære, så er alle methodar bra".

Og det var det Gløersen gjorde — han gav oss lyst til å lære. Skulen var ingi straff. Den dagen me ikkje var på skulen, var spillt for oss. No høyrer ein mest, at fridagane er det beste ved skulen.

Gløersen fortal de. Og han kunde fortelja.

1 "Rousseau og hans tanker i Nutiden" 1909. Gyldendals Boghandel, Nordisk forlag, Kristiania, Kjøbenhavn. Kom ogso i nynorsk umsetjing på "Det norske samlaget".

55Og timane i teikning, naturfag og song vart feststunder.

"Frihåndstegning for alle som røbe anlæg for det", og "morsmåle" skulde ha stort rom. I øvste klassane skulde me

lesa svensk og dansk litteratur. Grundtvigsfolke dyrka eit slag åndeleg skandinavisme1. Innføring i litteraturen måtte vera det fyrste i all målupplæring; grammatikken fekk koma etterkvart. Det siste er som me veit, ein heilt moderne tanke som fleire skular arbeider etter idag. Men dengongen var det nytt, og vekte motstand liksom religions-upplæringi hans. Han vilde ikkje ha religion lært som eit anna fag på timeplanen. Kristendom var fyrst og fremst liv, "dernæst er den tillige en lære, ikke omvendt;" sa han i programtala si. Han vilde ha religiøse samtalar med borni, og "for større piger bibellæsning og gjennemgåelse av forklaringen for dem som skal gå og lese." Bibelsoga vilde han berre fortelja.

Skarpt og morosamt tala han til oss um ut-lande og "dets forfinelse", som me so viljugt herma etter. Han vilde jamne vegen for "kvinna", som no kravde sitt rom ved sidan av salong-dama. Av herming vart me løglege ogduglause;

1 O. Arvesen fortel i "Oplevelser og Erindringer" um Dan-marks-uphalde sitt saman med Anker i 1860. I 59 hadde dei ogso vore på eit skandinavisk kyrkjemøte i Lund.

56å fylgje med i "civilisasjonens store dans," var fårlegt og han citera Ivar Aasen: "Alt det som no skal duga, det lyter vera stort." Og han gjorde narr av "Engelsksvermeriet i vår tid" som syner seg i tide og utide. I dei høgre samfundslag er orde "kvinne" burtkome, no hadde me fengje berre "damer" der. Og dette vilde segje, at kvinna hev vorte ein "luksusartikkel", eit meir og mindre nyttig leikety ein hev moro av, gifter seg med, um ein hev råd til det "eller hvis damen tillige har penger. Men saa maa hun ogsaa være poleret saa hun kan glimre i selskapssalen, gjøre honneurs i huset," tala mykje um ingenting o. s. b." Dette skulde det no vera slutt med.

Skulen var nokso ny, då eg kom inn der, men Gløersen vart for meg læråren yvi alle andre.

Etterkvart lærde eg, at han hadde mykje å strida med i den vesle byen.

Fyrst og fremst pietistane som var etter han for religions-upplæringi. Der kom smågjentone heim og fortalde han hadde sagt, at det var ikkje synd å sitja med eit handarbeid um sundagane, berre tankane var reine og gode!

Og det som verre var — me fekk lese eventyr og anna stygt der fanden beintfram var nemnd. Eg minnest at ein kjend lesar strika under dette orde i leseboki til dotter si og sende ho tilGløersen med den merknad, at slikt var ikkje lesnad for born.

At han lærde oss å elske naturi med alt som grodde og voks og livde ikring oss, såg dei nok heller ikkje det store ved. Dei dyrka bokstaven, og såg ikkje utom sin eigen vesle ring.

Um sumaren tok han oss med utyvi Stor-hamar-vegen i botaniktimane, og me fekk poetiske utgreidingar um blomar og blad me sjølve plukka. Skulen låg so lugumt til for desse tu-rane, nørdst i byen og mest heilt ved den idylliske strondi. So fort leirfivilen og blåveisen kom fram um våren, var flokken ute. Og so samla me oss um den eldgamle furua, som vart kalla „Kongen", og han fortalde um alt me hadde sanka so me hugsa det.

"Kongen" var soleis vaksen, at den digre stom-nen hadde lagt seg horisontalt eit stykke yvi bakken fyrr han skaut i vére. Det vart då den her-legaste sofa, som den velduge kruna slo sin grøne kjempeparasoll yvi, so me hadde skugge når soli var for varm, og sat turre um regne kom på oss.

"Kongen" stod enno då eg helsa på gamle tomter i 1932; men no var kruna og øvste stom-nen burte. Berre sofaen stod att og var som det herlegaste skulpturverk. Hundradår hev rita sine runer i "Kongen" på Storhamarstrondi, og mange ættled hev leika seg under kruna hans.Ogso um dette gamle tree tala Gløersen, so det vart livande liv og lære samstundes.

Som den friluftsmann han var, jegar og fiskar, hadde han ogso samla mangt vakkert og rart i skog og mark, som han stundom tok fram og synte oss. Og tala um det, so det vart livande eventyr.

Eingong kom han med noko so forunderleg fint millom hendane. Kva kunde det vera? Me slo ring ikring han; alle vilde tett innåt og sjå!

Jau sanneleg — det var hamen av ein orm. Ein retteleg hoggorm, eit udyr som ingen av oss kjende. Han heldt so

varsamt i den tunne brunstripute hamen og sa at ingen måtte røre ved han, for då gjekk han sund. Og so fortalde han. Fortalde slik, at eg mest kom til å elske dette fårlege dyre, som "hadde so vakre augo og so storfint skinn". Ja, so teki vart eg av for-teljingi hans, at eg gløymde meg sjølv, og fyrr eg visste av det hadde eg vore burti hamen med handi, og — sporden gjekk av. Eg vilde mest dåne av skrekk. Gløersen vart vond og sa, at det hadde han ikkje venta av meg — "hørte du ikke hvad jeg sa."

Eg berre gret. Kva kunde det nytte å segja, at eg sjølv ikkje visste av det fyrr det var gjort.

Men det var einaste gongen eg fekk eit vondord av Gløersen, og det vart eit bittert minne.Endå gjorde eg eit spik som verre var ein-gong. Mor var reist til Kristiania og eg var so ulukkeleg for eg ikkje fekk vera med. Skreiv eit brev til henne og tagg og bad um å få koma etter. Då fekk eg det svare, at eg fekk koma då — um eg fekk lov av Gløersen og eg kunde få lånt reisepengar.

Som ein galning sprang eg same ettermiddagen i eit renn til Tokstad i Stange, der eg hadde ein skulekammerat, som var litt eldre enn eg1. Eg visste at far hennar, Mikkel Tokstad var snild og hadde mange pengar, og eg våga meg til å be han um det eg trong og fekk dei.

Neste dagen gjekk eg med bankande hjarta på skulen. Tenk um no Gløersen sa nei! Den tanken var ikkje til å halda ut, no, då eg hadde pengane i lumma. Eg kvidde meg, so eg var reint låk. I frikvartere ropte fru Gløersen2 meg upp til seg. Stod so ljos og ven i vindauga og såg at eg ikkje hadde skulemat som dei andre. Eg gjekk upp.

Skulde eg segje det til henne? Ho kom imot meg med den finaste skulemat, vørterkake med geitost på! Det beste eg visste.

1 Petra Tokstad.

s Fru Gløersen var so ung og ljos og ven, og so god mot oss at me såg upp til henne som til ein engel. Ho var dotter til sokneprest van Kervel og namne hennar var Nancy Wilhelmine Ca-tharine.Men ikkje kunde eg få sagt henne kva som brann i meg.

Og ikkje fekk eg meg til å segje noko til Gløersen heller.

Koss eg kom avgarde, veit eg sjølv ikkje lenger, men same dagen var eg umbord i båten. Det var som det voks vengjer på meg, og etterkvart sokk Hamar og alt der ned i ein svart avgrunn bak meg.

Eg var på veg til Kristiania!

— At mor vart vond kom eg snart yvi, verre var tanken på at eg skulde attende til skulen og be Gløersen um tilgjeving. Um han no viste meg burt frå skulen for altid — eg som hadde friplass og alt!

Men då eg kom att, og ikkje fekk ord fram for gråt, sa han berre: "Ja, du kan nok gråte. Men la det nu være godt, så glemmer vi dette. Det var ikke så greit, jeg skjønner nok det."

Hadde eg ikkje elska han fyrr, so gjorde eg det visst etter den dagen.

— Renan segjer i fyreorde til si minnebok frå barndomen og ungdomen, at ein aldri skal skrive um anna enn det ein eiskar; med togn og gløymsle skal ein straffe det ein tykte var stygt på vandringi gjenom live.

Det er sjølvsagt skreve i sjølv-forsvar. Han såg som alle born med vakne sansar vondt og stygt nok. Ein må gløyme det og tegje med deteller brotne under det. Ei bok um det vonde vilde ikkje gje rom til anna. Vilde det gagn ein kunde gjera med å rive upp i og breide ut alt det stygge ein såg, vega upp den pine ein valda seg sjølv med det?

Kanskje. Men det er menneskjeleg å verje seg. Og med dei gode minne gjer ein allvisst ingen andre skade.

Då eg i eldre år las dei nemnde ordi av Renan, kom det so underleg for meg att, koss eg alt tidleg i barndomen varde meg mot å hugsa det vonde. Og eg hugsar koss eg vart medviten um det. I eit selskap høyrde eg ein herre syngje eit vers som eg lydde på, fordi eg tykte det var rart.

'jeg har i min kuffert et hemmeligt lukke, som gjemmer så mangen en kostelig skat, det er en erindring om alle de

smukke elskværdige piger som mig har forladt.

Et hemmeligt lukke. Det slo ned i meg. For eg hadde sjølv liksom so mykje eg streva med å gøyme og gløyme. Det var liksom ein svart brunn inni meg, der eg putta ned slikt som gjorde vondt å hugse. Og derned hadde eg nett kasta tvo eldre mennar, som vitskremde meg. Som eg måtte, måtte gløyme. Og eg smelte loke att. Men rett som det var stakk det hovude upp att.Og no sa eg til ei veninne at eg hadde eit "hemmeligt lukke", og freista forklare henne kva eg bruka det til, men ho skyna meg ikkje. Sidan tala eg aldri meir um det.

Men etterkvart som live gjekk, måtte gløymsle-brunnen gravast djupare, og mange tunge Steinar veitast på loke. Likevel sprang det stundom upp, og gjer det enno.

So vert det då vandt å skrive berre um det eg elskar. Men det kunde då heller ikkje Renan. Han elska m. a. ikkje internatskulen, "skulen utan hjarta", men mykje skriv han um den.--

Etter eg kom burt frå Hamar, såg eg aldri Gløersen. Men i 1898 då han redigerte "Norsk forfatterforenings kalender" fekk eg eit par brev frå han. I det eine segjer han m. a. — mine småpigers tal kan vistnok skrives med 3 nuller nu, og det er min glæde og stolthed, at nok de fleste har skjønt, at jeg holdt av dem og prøvet at give dem det beste jeg har magtet. Jeg synes i mitt lange liv at have gjort den erfaring, at jeg er begavet med to egenskaber, for hvilke jeg er meget taknemmelig. Man siger nemlig, og jeg tror det selv, at jeg har "unge-tække og bikje-tække", og derover er jeg meget stolt. Disse skabninger kan jeg give min varmeste kjærlighed, og varm får jeg den igjen."

Då han for frå Hamar skreiv han eit dikt:

5 — Garborg.Til mine småpiger på Hamar fra før og nu.

Tvo av versi hev eg funne hjå skulekam-meraten og jamaldringen min, frk. Ragnhilda Eriksen på Hamar. Og mange andre hev nok ogso gøymt dei.

"Sæd som blev strøet,

vist med svage Hænder,

lagdes dog ned i Herrens Navn.

Signe han Frøet,

hvis han det kjender,

tage de spæde Spirer i Favn.

Vemodig vinker

Stunden som os skiller,

men som ei slukker min Kjærlighed.

Taarene blinker

Taarene vinker,

alle jeg lukker i Hjertet ned. '

Desse versi er karakteristiske både for tidi og mannen.

Eg vart glad for brevi frå min gamle lærar, avdi dei so hj arteleg synte, at han longe hadde gløymt kor ille eg stundom lønte han for vælgjort.

— Botanik og teikning var beste fagi mine på skulen hjå Gløersen. Frå siste eksamen hugsar eg enno dei tri latinske blomenamni eg vart høyrt i. Anemone nemorosa, Anemone hepaticaog Capsella bursa pastoris vart som eit lite vers eg lenge sette tonar til kvar vår, når blå- og kvitsymre stakk hovudi upp inni bladkransen. Enno idag minner fyrste blåveisen meg livande um sæle vårdagar ved Storhamar-vegen. Og ingen songar song eg oftare i

ungdomsåri, enn Ivar Aasens Symrasongar, som Sinding hev sett so herlege tonar til.

"Symra teiknar til sumars bil, um våren tidleg ho blømer; men fleire blomar må koma til når kulden or markom rømer.

Aldri fann eg seinare slik ynde i noko vårvers som i dette av Aasen og Sinding. Gjenom dikt og tonar spinn det seg trådar frå barndom til alderdoms dagar.

Men det eg lærde av botanik i Oslo etter eg kom på skulen der, hev eg gløymt altihop. Likso med teikning. Då eg der vart sett til å teikne firkantar, cirklar, polygonar og anna, miste eg all hug til teikning. Eg lengta etter Gløersens "fortegnings-mapper". Der var eg tilsist nådd til dei "helschatterte", med romantiske borgar- og bondeidyllar.

"Nord i byen" var absolut det finaste av Hamar i mi tid. Det var liksom litt av glansen frå det gamle Storhamar enno låg yvi Høiensalod-den og uppyvi mot Sangenvegen og Sagatun. Der budde "Magistraten", general Lowzow, dr. Weidemann, Skappel, Platou og Brock, der var Agersborgs apotek, Borgarskulen og Gløersens skule. Kring nordre torg og stortorge voks dei fram desse raude mursteinshusi, som heldt på å skape ein eigen Hamar-stil. Tunge og myrke var dei, men sermerkte med alle dei kvite glas-og dørkarmar i det mursteinsraude.

Eg minnest Erik Werenskiold eingong sa det var dumt dei hadde slutta med desse raude husi, for elles kunde Hamar vorte ein stilfull by. Og det er so. Men eg kann likevel ikkje tenkje meg Strandgata utan dei ljose husi, som strålar imot ein, so ein må tenkje på Nizza, når ein ser Hamar frå Helgøya og Nes, eller kjem Mjøsvegen ein sumardag.

— Me hadde ogso andre lærarar enn Gløersen på skulen i Skappelgata. Eit par av dei hugsar eg. Frøken Thora Rogstad, dotter til futen Rogstad, som kom etter Bay, og den strenge frøken Johanna Wang, som vart gift med missionær Borchgrevinck, son til presten Borchgrevinck på Nes, og reiste til Madagaskar. (Der skipa ho eit asyl for smågjentor, som ber namne hennar.)

Frøken Rogstad1 var me svært glad i. Og for meg var det ogso det, at ho høyrde heime i "Bay-1 Seinare bispinne Bruun.

66gården", og liksom bar med seg noko av tradisjonen derifrå. Av frøken Wang minnest eg berre den grå filthatten med lange raude fløyelsband, som ho hadde på seg den dagen ho reiste frå Hamar. Det var so vakre fargar saman, at eg kunde ikkje gløyme det. Og fyrste hatten eg tente pengar til sjølv i ungdomen var ein stor grå plyschhatt med raud fløyelspynt. Då hadde eg lengta so smått etter den hatten i fleire år.

Fru Marie Sannerud på Hamar fortalde meg i 1932, at Borchgrevincks vitja Noreg og Hamar att eingong, og at fru Borchgrevinck då var ei "tykfallen, skarp og mægtig dame som gav indtryk av stor dygtighet —". Ho hadde nok høyrt

til pietistane på Hamar.

*

Barndomen hev mange sorger. Ei av mine store var, at eg ikkje fekk gå på danseskule. Den fyrste danselæraren var komen til Hamar. Koss han skreiv namne sitt, veit eg ikkje, men me sa Hushær. Og dei fortalde han tala so rart eit mål, og var so lynande galen når dei ikkje dansa rett.

En to tre og fire fem, fanden gale mig om igjen!

song dei etter han. Til trøyst gav mor meg den gamle "knekkparasollen" sin, og eg skulde få lov

67å ta han med på ein landtur i Holset-enga1. Men der hende ulukka. Eg knekte det tunne elfenbenskafte tvert av i ein leik. Eit slikt skaft var til å slå saman, hadde led på midten, so det ikkje skulde vera so lett å knekke. Og sjølve den vesle parasollen var av grå blomut silke med stutte grå frynsor ikring. Eit stasplagg, som eg var veldug kry av. No våga eg mest ikkje gå heim; for dette var ein av dei få ting mama hadde berga frå skipbrote. Eit minne frå Kjøpenhamn. Frå ein av desse Kjøpenhamn-turane hadde me ogso berga ein vakker liten toiletspegil, eit par

desert-gaflar og eit "dameskrivetøi" av fransk postelin — bakkantinner på ei vogn — blekkhus og sandhus som kvar tek eit par fingerbøl. Ogso ein liten postelinskonkylie, fars fyrste fyrstikhus, og eit tungt band av Andreas Munch, som m. a. inne-heldt dei tvo teaterstykki "Donna Clara" og "Lord William Russel". I denne boki tok eg tidleg til å lesa, og av "Donna Clara" lærde eg langestykke utaboks. Eg trur det berre var tvo bøker eg hadde lese fyre den, "Jesikas første bøn", som eg nok fekk av ei misjonsvenleg dame, og so Hanna Winsnes "Aftnerne på Egelund".

Men Munchs drjuge band var einaste boki eg

1 Byen var bygd på Holset-grunn, og dengongen var enno ein heil liten naturpark att av den fine garden. Der henta me blomsterjord og gjekk på landtur.

68hadde med frå Hamar. Og i Christiania fekk ho ein underleg lagnad. Ho vart bytt i ein gitar hjå den fyrste antikvitetshandlaren eg veit um i Oslo, den trauste gudbrandsdølen og vinstremannen Johannes Kvam i Osterhaugsgata. Han hadde mangt rart, men var sers glad i allslag musikinstrument.

Det var åre etter konfirmasjonen, då eg var so sterkt religiøst teki, at eg måtte skaffe meg ein gitar, so eg kunde lære meg å spela til alle dei gudelege songane, fyrst og fremst Sankey og Moody's kjenslerike Jesus-songar. Det vart eit år eller tvo i lukkeleg songrus, som stundom bar inn i reine ørskesæla.

Men diverre vart gitaren nokre år etter seid for ein billet til kunstnarkarnevale i "Semiramis-paladset". Då hadde eg gjenomlivt ei jordisk og mindre lukkeleg kjærleikssoge, hadde vorte målmann og dyrka Thorvald Lammers og folkevi-sone hans.

Og på karnevale i Semiramispaladset hadde eg hardanger-bunad og fekk den store lukka å danse med Lammers.

Gitaren sakna eg ikkje so mykje, for eg lærde

aldri å spela noko større på han —

*

69Eg minnest ikkje mange av skulekammeratane mine frå Hamar. Berre ei hev eg råka att i eldre år, den fyrr nemnde, yvi heile Upplande kjende fotografen Ragnhilda Eriksen. I 1932 møttest me på Hamar, og hadde då båe fyllt 70 år. I mange år sat Ragnhilda Eriksen i Hamar bystyre og hev elles vore med i mange slag socialt arbeid i fødebyen sin, der ho enno bur.

Det vart eit forvitnelegt møte. Ho mintest mangt som eg hadde gløymt, og me var samde um å lovprise vår gamle lærar, Kristian Gløersen.

Endå ho sjølv er fødd og uppvaksi i ein av dei mest pietistiske heimane på Hamar, forsvara ho Gløersen mot alle åtak frå pietistane1, som kalla han fritenkjar. Det hev ho ogso gjort offentleg. I ein liten artikkel i "De døves blad" prenta ho m. a. av den songen han skreiv til elevane sine, då skulen slutta, og meinte den synte, at han var god nok kristen. I desse små "minni" sine, segjer ho, at pietistane kalla seg "vennerne". Det skulde tyde på at dei var haugianarar, men det namne høyrde eg aldri på Hamar, det eg minnest. Eg

1 Den "Caspari-Johnsonske pietisme". Merkeleg nok var det ikkje det nasjonal-romantiske Sagatun som fyrst slo til ljod for målsaki. Ole Arvesen skriv i Hamar Budstikke: "—Målsagen og det fullt berettigede krav til et bedre bekjendtskab med fedrelandets historie, som lige til de sidste aar har været altfor tyndt representeret her, vil i seminarbestyrer Hertzberg få en ligeså dygtig som varm talsmand."hugsar berre at det var strid millom grundtvi-gianarane og "Seminarfolka"1.

Sagatun og Seminare var tvo motsette polar. Og Gløersen, som hadde elevar frå båe lægri, kom millom borken og veden. Naturleg vart det då, at skulen ikkje kunde bli gamal i den krosselden. Gløersen var visseleg altfor heilhuga til å slå av på dei ideali han so varmt hadde huglagt.

Eg minnest Gløersen som han gjekk i gatone med tigerplaide yvi akslane og filthatt med ei liti fjør i; ein retteleg Tyrolarhatt. Det var nytt og morosamt. Eg hugsar ingen andre som gjekk slik klædd, men eg ervde eit tigerplaid

med hol til å stikke hovude igjenom etter far, so det hadde visst nyst vore mote. Det gjekk det orde um far, at han var "forfengelig i klær" og hadde god smak. Dei få ting som fylgde oss frå Saa-stad-tidi synte at det var so. Han var som sagt ofte i Kjøpenhamn og kom heim med mykje stas derifrå til mor. "Altfor fint for Hamar og Stange", sa mor. Og ho kvidde seg for å bruke t. d. dei hattane han hadde med til henne. Då kunde det hende han tok hatten og trampa på han.

Millom skulekammeratane mine var ogso Ingeborg Sæhli, seinare fru dr. Hille på Aaker gard ved Hamar. Soleis kom eg eingong på barneball

1 Oluf Saxe og Jensen.på Sæhli, storgarden i Vang, der kultur og rikdom hadde skapt ein heim, som visseleg var millom dei fornæmste i Mjøsbygdene. Eg minnest sovidt Andreas Sæhli, verkseigaren1 og storbonden, adelsmann i beste meining av orde. Og frå det balle minnest eg ogso fru Sæhli, ei staut og vakker dame. Ho vann oss alle med den hugta-kande måten ho tok imot kvar og ein av oss på og delte ut gåvor frå joletree midt i den store dansesalen. Den største eg hev set på ein norsk gard.2

Eg gledde meg so til det balle, det fyrste og siste barneball eg var på, at eg var klædd mange timar fyrr hesten med den store sluffa skulde koma og hente nokre av oss. Tilsist lurde eg meg til å stille fram klokka eit gran.

Og det vart eit ugløymande eventyr, endå eg ogso hadde ei av mine store barnesorger ved det høve.

Mor hadde sydd ny kjole til meg av kvit- og blåblomut sirts, men skor kunde eg ikkje få. tilsist hadde eg vale millom å gå i mors snøre-støvlar, eller bli heime.

Men bli heime hadde vore døden. So fekk eg nye raude lisser i støvlane og drog dei smågrå-tande på.

1 Det var brenneri på Sæhli.

* Salen på Sæhli stend enno som dengongen med sine silkesofaer og store Ijoskrunor.

72Ingen kunde skyna, kvifor eg var so blyg den kvelden, og sette meg inst i alle krokar. Eg freista so godt eg kunde å gøyme den eine foten bak den andre, men diverre — éin kom altid fram.

På fotografie, som sidan vart teke av meg i ballbunaden ser ein mest koss eg strevar med dei usæle støvlane.

Men, som væl var, hugsa eg gleda ved balle på Sæhli lenger enn sorgi yvi støvlane.

Eg hev eit gamalt brev som eg skreiv til ei av systerne mine i Oslo etter det balle. Der agtar eg meg væl for å nemne skosorgene, skrytte heller so godt eg kunde. Eg tek dette breve med her, då det kanskje kan vera moro å sjå, at ei 9—10 års smågjente for 60 år sidan skreiv plent som smågjentor idag. Endåtil måle er mest som no.

Kjære søster

Da det nu er meget længe siden jeg Saa dig vil jeg nu Skrive nogle Ord til dig For at fortælle dig Hvorledes jeg har havt det i Ferien.

Jeg har ikke været nogetsteds men jeg har havt det noksaa Morsomt Hjemme thi jeg har været i 3 store Selskaber for det første på Seli og det næste hos Frøken Bart1---

1 Lærar ved Gløersens skule.På Seli havde jeg det meget morsomt vi spilte lotteri og fruen hadde en hau med Gevinster og jeg vandt 6 Sølvskeer1 og Frøken Bart holdt Barne Selskab i Sangen2 og vi spiste under en stor Bjærk nu maa jeg slutte mit korte og stygge Brev Hils Papa.

Fra din Søster

Hulda Bergersen

*

Ja, eg hev mange minne frå storgardane kring Mjøsa med sitt rike arbeidsliv og sin gamle ser-merkte austlands-kultur. Men også på smågar-dane og "borti stugunn'"fann eg vener og heimehugnad, hjartelag og humør.

Og ein av dei smågardane som sette fantasien min sterkast i sving var nettupp Sangen, som eg nemner i det vesle

breve til syster mi. Det vesle bruke låg millom Sagatun og Storhamar, men er no slukt av byen.

Dei grå gamle husi låg under ein liten skog-klædd bakke, "Sangenberget". Eit av husi stod i mi tid tomt. Det var av den eldste typen frå bygdene der, tvohøgds med lange svalgangar mot tune. Slik som me kjenner dei frå Gud-

1 Små dokkeskeier av blekk sydd på papp-plate.

' "Aftensangen", den vesle garden like ovanum byen, som eg seinare kjem til å skrive meir um.brandsdalen. Men det minste huse, ei liti tøm-merstugu låg halvveges i sjølve bakken so det gjekk eit par troppesteg frå peisstova upp til eit lite gjestekammers med glas ut mot grøne småskogen. Det var aldri heilt dagsljos derinne, men alle ting låg i eit løyndomsfullt grønskjær mest som på havsens botn.

Midt imot døri stod ein gamal bjørketres komode med kvit hekleduk og eit rart syskrin med spegil og små lysande skjeljar på löke. I det skrine gøymde gamle mor Sangen nokre brev, som ho eingong tok fram og viste mor. Og med' mor las, sat den gamle og rugga att og fram og mulla "Å stakars folk, å stakars folk! A herregud, å stakars folk!"

Det var liksom den avgrunnsdjupe vesle summen av all hennar livsrøynsle. Det var synd i alle menneskje.

Men det som mest fanga hugen min i det vesle kammerse på Sangen, var nokre gamle, rustne sverd som hekk på veggen yvi komoden. Dei skulde nok vera uppgravne på garden.

Sangen hadde, liksom Sagatun, høyrt Storhamar til. Og det gamle bispesæte var eingong eit storpolitisk centrum. Svenskar og danskar slost um herrevelde der, ribbungar, baglar og birkebeinar, heidne og kristne, papistar og pro-testantar hev dreve sitt spel der i gamal tid.

75Kanskje var desse våpni eit minne um den svenske vitjingi i 1576?

Det var elles ikkje sjeldsynt å finne våpn nokon kvar stad i dei blømande bygdene kring Mjøsa. Ofte høyrde eg um alt det rare far fann i jordi på Saastad, då han la hundrad mål ny jord under plogen der. Våpn, metal-spenne, mannabein o. a. Dei siste kunde vei vera frå den gamle kyr-kjegarden der. Men ogso frå den gongen kong Sverre drakk upp gjestebodsmjøden for Halvor lendermann.

I minne mitt ser eg ho no, gamle mor Sangen, som ei gamal volve som sit og mullar løyndomsfulle ting med hendane knepte i fange. Men ofte sukkar ho so tungt og tek upp att og upp att "Å stakars folk, å stakars folk — å herregud, å stakars folk!"

Og mor og ho og den tilårskomne dotteri tala so mykje rart saman. Og ofte nemnde dei far og den avlidne mannen på garden, Villiam Sangen.

Sopass skyna eg, at ei ulukke eingong var hendt på garden, og at ei ny ulukke venta. Men når dei kom inn på dette, vart eg redd og sprang ut. Eg kjende ei uhygge som eg måtte leike av meg i fjøse hjå dyri, eller i det vesle skogholte bak garden.

Det var noko eg ikkje skyna. Noko som gøymde seg liksom trolli og huldra i skogen.Men det var der. Eg kjende det ikring meg der-inne hjå dei gamle.1

Berre når dei kom ut og drakk kaffi under den store grani nedpå jorde var eg heilt trygg. Og då var mor Sangen so blid og snild. So lite ho hadde å fara med i den tidi, fekk eg altid noko godt av henne, "bån-ost" og "kjinn-gås" og "bulle"2 og annan fin-fin bondekost "åt bonom".

Soga til den vesle Sangen-garden var ikkje lang, men meir romantisk og dramatisk enn mang ei lang ættesoge. Noko av ho er å finne i gamle Hamar-blad, men noko hev ein gamal heiders-mann på Furnes (Lars Alhoug) fortalt meg. Han liver enno (1933) og er med sine 84 år ei li-vande sogebok frå Sagatun-tidi og den politiske striden i 70-80 åri.

Mor til mi gamle mor Sangen hadde tent på Storhamar og fenge Sangen-garden som gåve av husbonden sin; men han gløymde nok å gjeva henne "papir" på eigedomen, då ho flutte dit

1 I Statsarkivet på Hamar hev eg funne dokument som syner at far nok hev havt litt med Sangen-tragedia som sakførar.

M. a. "Arrestforretning tinglæst 21de september 1859. Avholdt 12te september 1859 hvorved Overretssagfører Bergersen giver arrest og beslag hos Villiam Jølstad (Sangen) i en komode, 1 piedestal, 1 rødmalet birketræs slagbord, 1 poleret birketræs bord, et speil med forgylt ramme, 6 stole af birk og 1 sortsidet ko for beregnings-sum 25 Spcd. 62 sk. efter beslutning . . . ."o. s. b.

Dokumentet er underskreve av C. Bay, Andersen, smed, og Morterud.

2 Bulle: små runde omnsbrød.med dotter si. Likevel sat dei lenge i fred der. Barne, Anne Marie, voks upp og vart gift med Villiam Jølstad1, som soleis vart mann på Sangen. Han var burte i mi tid; fyrste vendingi av tra-gedia vart utspela, då han hengde seg på svalgangen i det gamle huse. Men siste vart utspela etter me var flutt frå Hamar.

Det byrja med at ein ny eigar av Storhamar fekk mor Sangen og den aldruge dotter hennar ut. Men so gjekk det politik i saki; vinstre i bygdi tok parti for enkja, og det vart ein namngjeten process.

Men enkja tapte. Ho hadde ikkje dei naud-synte papiri, stakar.

Og so vart Aftensangen stykkja ut til tufter for byhus.

Dermed var den soga ute. Men gamle folk talar enno um den "lange og uhyggelige" processen.

Soga til den gamle Storhamar-garden er idet-heile full av dramatiske umskiftingar. "Kongeleg ladegård", bispegård, lensherre-gard, som bøn-dane måtte leggje skatt til (Hamarskatten), og sidan i ei lang rad private hendar. Ogso Sagatun

var kaupt undav Storhamar.

*

1 Dei hadde tvo born, som no er døde. Det vart soleis berre tri ættleder.Far min var etter det gamle folk hev fortalt meg ein fårleg flink sakførar. "Når Bergersen tok på seg ei sak var ho vunni", sa gamle Bernt Arstad, som hadde kjent han. Og ein traust heidmarking, Ole Sund, som hadde vore husbondskar på Saastad, sa eingong i nittiåri, då me møttest på toge millom Eidsvoll og Hamar, at Bergersen var "makelaus på tinget". Ofte hadde Ole Sund gjort tingreiser med far og høyrt han tale.

"Bergersen begynte altid slik", sa han: "Jeg modsiger og besvarer således" — og sea så rainn det som når du snur opp ned på en ert'-sekk."

Og so fortalde han um Rauen, "den gælne gampen som hadde berre ét øre og tok hemvegen i strak kut, for han visste, at når han kom framåt døra på Saastad, fekk'n ei flaske øl og et seks skjellings brød".

Det var fast takst. "Og når døm kjørde hem frå gjestbod um natta var det Rauen som tok vægen. Bergersen knytte tømmann fast på hesteryggen, sette seg so i kariolen og slo ut med armom og ropte ende ut: Hei Rauen!

Ja slik var'n. Morosam kar — og morosam hest. Døm var jamliker og kjende enan væl di to.

Men tok Bergersen på sei ei sak, så var a vønni."

Eg tenkte sidan ofte på desse ordi i samhøve med den Sangen-saki som far var med um.

6 — Garborg.Det var mykje villt yvi live i Upplandsbygdene i den tidi, og ein "fårleg flink prokurator" fekk arbeid nok. Og freistingar nok til å fara fort fram. Han vart med sitt gode hovud ein altfor populær selskapsmann — og ein trollmann til å ta seg fram.

I 50—70 åri var det visst enno ofte som på Wergelands tid vanskelegt for småfolk "å koma i prokuratorklør—". Det syner "den lange uhyggelige" Sangen-processen i 80 åri.

Um far var den som hadde slått husbunaden i Sangen til auksjons i 1859, so var processen,

som vei var, etter hans tid.

*

I Munkegården 1 på Stortorget budde i mi tid amtmann Kyhn, som eg godt hugsar. Dette huse var som so mange i den bydelen av raud murstein med kvite glaskarmar, men i meir fornæm stil. Det var som sagt er, patricierhuse på torge — med liten hage framanfyre, og herleg utsyn yvi Mjøsa mot Helgøya.

På troppi til hagen såg eg ofte amtmannen og sonen hans, Alfred, i lag med gjester eller åleine dei svale sumarskveldane. Hagen var smal og vegen gjekk tett innpå; det var moro for oss ungane å gå framum og få ein smil og eit venlegt

1 Bygd av kaptein Munch 1856.

80ord av den tettvaksne amtmannen med det strenge andlite og det gode hjarta.

Når dørene stod opne fekk me ogso ein glytt inn i den store, staselege hagestova.

Amtmann Kyhn flutte nok seinare ut på Høiensalsodden1 i Bays gamle hus, der han døydde i 1890. På Hamars vakre kyrkjegard hev "medborgere i Hedemarkens amt" reist eit minnesmerke yvi den populære embætsmannen. Plan gjorde nok mykje godt for den vesle Mjøs-byen, ikkje minst i den tidi han var på stortinge.

Det er nokre hovdingtyper frå mi tid eg altid ser for meg. Bay, Andreas Sæhli, høgrehovdingen og storbonden frå Vang, staut og vakker, Folkestad, det nye Hamars fyrste bisp, den populære, åndeleg og likamleg, fullkomne mannen, amtmann Kyhn og det nye Hamars rettelege far, gamle amtmann Heidemann.

Folkestad og Heidemann hadde eg aldri set, men bilæte av dei kjende eg frå mange heimar, og Gløersen nemnde dei. Dei var so store, vakre og vælfødde desse karane, — amtmann Heidemann måtte etter bilæte å døme ha vore ei rein kjempe. Og Folkestad, telemarksguten som vart bisp, var ein overlag stateleg kyrkjehovding. Bay og Kyhn var visst ikkje nett so vakre; men dei hadde breide, sterke andlit, som ein hugsar.

1 Seinare kalla Sterudodden.— Grannen til amtmann Kyhn på nordre hyrne av torge, var Jønsrud med "det morosame huset". Det var no fyrst og fremst brennvins-handelen nedunder og teatersalen ovanpå der det jamt var mange slag moro, dans, foredrag, teater, folkemøte og mykje anna rart.

På "Gråbergsalen" var visst og mange slag moro, men dit kom eg aldri. Heller ikkje var eg inne på Kluges hotel, som nok ogso var populært. Det låg der den vesle parken ved jarnvegstasjonen no er.

*

I seksti-åri rusla små jarnvegstog millom Hamar og Elvrom. Og med desse vedunderi vart det etterkvart umvelting i bygdelive.

Eg minnest ein svensk sålmakarsvein, som kom til Hamar for å stoppe dei fine putesæti i dei fine andre-klassevognene. Han het Edlund og var sjølv so fin, at han altid tala um "franska brødet med smør og ost" og "lybsk pølse" og anna sovore. Då eg fekk vita, at lybsk pølse var heste-pølse, trudde eg sjølvsagt det måtte vera av lybske hestar, og dei vaksne sa ja. Sjølvsagt. At den populære pylsa var eller skulde vera frå Lybeck visste dei vei ikkje sjølve. Denne mannen gav meg stundom små dokkelappar av herleg raud plysch, og liv og moro var det med han.Mang ein song vart dikta til dei fyrste damp-båtane på Mjøsa. Ja, til "Jernbarden" dikta sjølve Henrik Wergeland.

'"Held dig, Vidundersnekke på Mjøsens stolte Fjord —

lyfte dermed for fyrste gong Mjøsbygdene upp i poesiens rike.

Men ingen diktar song um den idylliske jarn-vegen som slanga seg gjenom Vang og Romedal og skapte svingom uti bondeskikken!

Var ikkje det mest likso stort vedunder?

Fyrste tidi stogga det dampande og frøsande utyske viljugt mest ved kvar større gard og heiv av mjøl- og saltsekker, spikarkassor og sukkertoppar. Men alt i 1866 vart det utsend ei melding um at vareeigarar for framtidi ikkje måtte gjera rekning på "tilladelse til at læsse av eller paa jernbanevognene mellem jernbanens stationer eller stoppesteder."

Dette smakte nok ikkje bygdefolke, og det drygde ei tid fyrr dei kunde venja seg til denne ordningi.

Sjølvsagt var eg vill etter å få køyre med denne vedunder-doningen. Men det var dyr skyss og ikkje lite fårleg, sa folk. Og so måtte eg slå den draumen av hovude.

83Men "lina" var ogso gangandes, og endeleg fekk eg freiste det.

Ei snild gjente frå Romedal, Berte Skansen, skulde gå heim, og eg fekk fylgje henne. Enno hadde eg ikkje vore lenger enn til Vang på den kanten, og Romedal var mest som "utlande", og eg var i vill spaning etter å sjå koss alting var der. Og ein sundag labba me i veg.

Um det var ulovleg å gå på lina, veit eg ikkje. Men ho vart bruka både av folk og fe.

Toge var berre for "gods og rikingar", sa Berte. Og ho tok meg trufast i handi og førde meg ut på den nye fine vegen. Men redd var eg lenge. Tenk um me møtte eit av desse eld-sprutande trolli som dura upp og ned tvo gonger for dagen!

Som væl var gjekk det sundagane berre eit tog kvar veg.

Og det gjekk smått og pent, sa Berte, og peip og stogga når det var nokon på lina. Ungar og dyr kunde vera so dumme, at dei gav seg til å stå som steingjengne midt på lina og berre glåmde.

I ein forfælande sno tråva me upp gjenom Vang langs etter Akersvika; eg fekk ein vond hovudverk og tykte tilsist at denne vegen måtte vera endelaus.

Men so tok Berte halsplagge sitt og knytte "skalleband" fast kring hovude mitt, og det

84hjelpte. Snart hoppa eg som ein killing frå svill til svill. So morosam veg hadde eg aldri vore på fyrr.

Men dryg vart han likevel, og eg var glad då me endeleg sat ved duka bord i den vesle heimen til Berte.

Skansen var berre ein "plass", men hjarterome var stort i den vesle stova. Og den tette løyndomsfulle olderskogen attanfyre var full av kvitrande fuglar, kvitsymre og bekkje-gull. Og millom stein og blømande mose-tuvor klukka og småsong bekkjen, der åkjyte1 og æling2 smatt som blenkjande sylvpilar upp og ned i ævleg leik. Stor moro var det å ause upp bekkjefisken i små blekkspann og springe heim og få dei steikt i rjome.

Elles budde huldra inni olderskogen. Og ein dag eg sat på ei klopp yvi bekken og fiska, kvakk eg, so eg nær hadde stupt på hovude i vatne. Millom trei litt ifrå meg såg eg huldra. Ho hadde grøn kjole og gullhår som fløyma um rygg og akslar. Eg var åleine og vilde skrike, men fekk ikkje ljod fram.

Ho stod der fyrst og berre stira. Men so med eingong smilte ho, og Berte stod der ved sida av henne.

1 Åkjyte, "bekkjefisk", fingerlange og forlivande.

2 Æling: Yngel (av ala)."Her er 'a Vilhelma og vil leike med dei," sa ho. Og ikkje fyrr hadde ho sagt det, so kom det ei hulder til inn på den vesle stigen. Ho hadde blå kjole, og endå meir og endå ljosare hår enn den fyrste.

Det var mitt fyrste møte med Vilhelma og Bergljot Dreier på Harstad. Og det vart leik kvar dag inni skogen med song og forteljing og skryt og skrønor; og me vart slike vener, at eg snart måtte vera med dei heim til Harstad. Men mest heldt me oss i eventyrskogen.

Stundom kom ogso den eldste, Lulla, og var med ei stund. Men ho var alt mest ei dame og var svært ålvorsam. Ho sa det var "dumt å le". Og me freista alle å la vera, men gav det upp heller fort. For me var låttmilde som berre backfischar kann vera. (Skulde ikkje åkjyte vera god norsk avløysar for dette tyske orde? Åkjyte er ein fisk i konfirmasjonsalderen1 — det hev eg allvisst trudd sidan eg fiska i olderskogen på Skansen).

So kom den dagen dei henta meg til Harstad, der fru Dreier tok hjarteleg imot meg.

Slik måtte ei dronning sjå ut!

Ei svær ljos hårflette låg i ring høgt uppå hovude som ei gull-krune. Og ho var so stor liksom, og bar hovude so høgt.

1 Kan kanskje vera aure-yngel, åkot, kjøe ?

86Og kring hals og handled hadde ho kvit knipling-krus.

Og hendane! Aldri hadde eg sett so fine hendar. Og då dei tri døtterne stod der saman med mor si, vart heile stova liksom full av solskin og gullhår.

Der i garden kunde ein i sanning tala um hårfagre kvende.

Parykken til den danske bokhandlarfruva på Hamar var ingenting mot "korketrekkerkrøllene" til Bergljot Dreier! Det slo eg strakst fast for meg sjølv. Og Bergljots sat fast. Parykken til fru K. med dei lange myrkebrune krøllene i tjukk rove nedetter nakken og det høge krus-håre framme, hadde mest skremd live av meg, då eg fyrste gongen såg han hang på nattbord-spegilen hennar. (Den same fruva hadde ogso den største "kø" som var set på Strandgata, og den einaste "skjødehunden").

Men på Harstad trong dei ikkje parykkar.

Harstaddamone var dei som gav tonen i bygdi; både bøndar og kondisjonerte tok gjerne etter dei i alt.

Fru Dreier sjølv var musiklærar og hadde elevar ogso frå dei større bondegardane, og for alle var ho det store mynster og fyrebilæte.

Mine sterkaste inntrykk av Harstadheimen hev eg elles frå nokre år etter mi fyrste vitjing.Det var den sumaren eg gjekk for presten i Oslo, at eg fekk vera med eldste syster mi, fru Fren-ning, til Skøien i Romedal. Martha hadde då nyst vorte gift med Christian Frenning1 frå garden Frenning, grannegard til Harstad, og fru Karen Skøien var syster hans. Den sumaren var me ofte på Harstad, for Martha hadde vore der og lært husstell, musik og andre "fruentimmer-netheder" fyrr ho gifte seg. Mange unge damer fekk si upplæring på Harstad i den tidi. Fru Dreier hadde i ungdomen vonleg tenkt å bli pianistinne. Ein gong hadde ho spela saman med Ole Bull på Hamar, sa dei. Det var allvisst fin musikheim hjå Dreiers.

Og det var liv på Harstad den sumaren. Millom andre gjester råka me der Marie Herre, Bernhard Herres dotter, og den unge strålande frøken Bentsen frå Nordland, brordotter til fru Dreier, ho som vart andre fruva til Kristofer Janson. Marie Herre minnest eg som ei noko eldre dame av ein annan type enn Dreiers og frøken Bentsen. Ho var av Margrethe Vullum-typen, mjå og elegisk, med same smale andlit, som me kjenner frå bilæte av far hennar, den melankolske naturelskaren, som aldri fann seg tilrette i live.

1 Frenning var i 30 år bryggjarmeister på Frydenlunds bryg geri i Oslo.Dei tvo damone var elles på gjesting hjå presten Gedde1 og millom prestegarden og Harstad var vegen stutt og venskapen stor.

Når eg no tenkjer attende på Harstad og huslyden der, er det helst damone eg hugsar, den aristokratiske "holdning" og høgreiste hovudburd, den korrekte "sirlige" tonen, dei stemte heile samvære i, og som stundom kunde kjennast eit grand brysam for ein villkatt frå Strandgata. Men hjar-telage låg alitid under. Alt i alt var det den høgt kultiverte heimen, som naturleg vart eit centrum i bygdi.

Frøken Bentsen var av same typen som dei unge på Harstad.

Når eg seinare i live hev møtt fru Janson — no doktarfruve i Danmark, hev eg altid set fyre meg dei fire ljosmøyane frå hin sumaren på Harstad (1876). Ho kunde godt vore syster til Dreiers. Fyrst og fremst hadde ho same gylne hårrikdomen.

Endå so seint som i 1926, då eg råka henne

i Vilhelm Gedde, frå 1872-1900 sokneprest til Romedal, hev skrive nokre minne frå barndomen til siste leveåri

sine. Dei vart fyrst prenta i Hamar Budstikke, sidan send ut i 100 serprent "som manuskript for slægt og venner". Det er fem små hefte som fru Oliv Øvergård på Skøien i Romedal hev lånt meg. "Til fru Karen Skøien med hilsen fra angjeldende" stend det utanpå. (FruK. S. var fru Ødegårds mor.)

Det er små forvitnelege glimt av norsk kultursoge frå 1820-åri til 1900. Og der er mykje um Harstad, Horne, Skøien, Hørsand, Løkenkvern o. a. gardar der presten hadde sine beste vener.og den danske mannen hennar i Rom, var ho den same nordiske Juno med den svære ljose fletta som ei krune på hovude — det ho enno bar like høgt. Og i same stilen var ho klædd, svart silkekjole, sid, vid, gamaldags med stor kvit kniplingskrage kring den vakre halsen som ho enno ikkje turvte blygast for å syne fram. Endå ho var drygt vælfødd. Ogso det høvde til stilen.

Og enno kunde ho teke eksamen i "holdning"—

Og når eg såg på dei kvite hendane hennar, hugsa eg ogso Harstad og alt det fine handarbeid dei gjorde der. Knipling, kunstfull blondebinding, kanavasaum so fin som han var frå sjølve St. Denis-skulen. (Den namngjetne som Madame de Maintenon skipa for franske adels-damor).

Enno hev me etter Martha kaminstol, omn-skjerm o. a. som kunde hevde rome sitt i eit kunstindustrimuseum.

Dei hadde so velsigna med tid og tolmod dengongen.

Og det var no de ir a måte å syne si kunst-giede på. Dei lange vinterkveldane var dryge; det var reint utruleg kva ein kunde få gjort. Ein las høgt "god og dannende litteratur," det gav både ro og tankestofF.

Idetheile var det "Aftnerne på Egelund", fred og godt samvit både ute og inne. Ingen tvila på,

90at Gud hadde skapt frøkner til kanavasaum og husmannsgjentor til å stelle kyr og griser, skure og vaske —

Dei tvo eldste døtterne på Harstad, Lulla og Bergljot vart gifte i Danmark, og fekk nok hei-mar der dei vonleg nettupp fekk bruk for det Harstad-heimen hadde lært dei upp til.

Vilhelma, den næst yngste vart gift med professor Myhrvold ved høgskulcn på Aas, der eg seinare i live såg henne att som ei stilfull og dugleg husfruve.

Men den aller yngste, Belly, seinare fru Isachsen, som eg ikkje minnest frå barndomen, er no styrar for "Gamlehjemmet" i Løten — vyrd og avhaldi for sin dugleik og kjærlege umsut for sine gamle bom. Ho stod den nye tid nærare, den tid, då kvinna — til det vonde eller det gode — kom burt frå knipleputa og kanavasaumen og måtte ta upp kvardags-striden for tilvære med eigne hendar. Ho, som i ungdomen aldri hadde vaska ein lummeduk, ho hev no fengje ta i med arbeid som husmannsg'entone i hennar ungdom var fødd til.

— Enno kan ein høyre gode bondekvinnor i Romedal fortelja um fru Dreier og alt dei lærde på Harstad.

"I min ungdom syntes vi alt som kom frå Harstad var finare enn vårt eige," sa ei av dei

91nyleg til meg — ” og veven og rokken kom mykje burt i den tia —”

Men no kjem dei fram att, for no er pungen tom, og det vert ikkje stunder til ”fruentimmer-netheder”. Husjomfruva og dei mange billege arbeidshendar er burte; liksom Gandhi i India må dei finne fram att spinnehjule.

Um ikkje spinnehjule åleine kan berge noko land, so er det allvisst stort som symbol.

— I prestegarden var ogso frøken Sofie Gedde frå Fredrikshald gjest den sumaren me var på Harstad. Ho var ei raudblond, fin og elskeleg ung dros, som eg trur vart Marthas beste ven i pensionstidi på Harstad. Eg råka henne fleire gonger i Frenning-heimen på Frydenlund.

Presten Gedde fortel i minneboki noko som syner kva dei dengongen fyrst og fremst tenkte på med ”god og dannende litteratur” ogso i hans verd. I 1878—79 hadde han millom konfirmantane sine ”endel Pigebørn, der lod til, ved Siden af en mere end almindelig god Skoleuddannelse fra Frøken de Seues Privatskole, også at have Sands for Livets høiere Interesser, og da jeg paa denne Tid følte mig mer end før legemlig stærk, fik jeg Lyst til, i

Lighed med min tidligere Skolevirksomhed, hos disse mine unge Veninder at aabne Deres Øine for det Skjønne i Litteraturen. Jeg foreslog dem da et Par Gangeom Ugen i Vinterens Løb at komme til mig og med mig gjennemgaa endel af den tydske klassiske Litteraturs skjønneste Arbeider og samtidig blive mere fortrolige med det tydske Sprog, hvortil de på Deres Skole havde lagt en god Grundvold. De lod til med Glæde at gaa ind paa mit Forslag, og i de to Vintre 1878—79 og 1879—80 gjennemgik jeg da med dem Goethes ”Herman og Dorothea”, Schillers ”Wilhelm Tell” og ”Die Jungfrau von Orleans”. Mine Skoleelever var Helene Hals, Bergljot og Vilhelma Dreier, samt Mathilde Gaustad. Sidste Vinter også Marie Horne og Louise Dreier. Flittigere og elskværdigere Elever ved jeg aldrig jeg har havt--.” I val av framand litteratur stod soleis grundtvigianaren Gløersen og den høgkyrkjelege presten saman.

Um Skøien og folke der skriv presten i same hefte m. a.: Lige ved gården Hørsand ligger Skøien, eller som den i folkets mund heder Skôi. Grændsen mellem disse gårde danner elven Fura — — — Ole Skøien og hans hustru Karen var ogsaa meget venlige og elskværdige mod os, og vi nød meget godt i dette særdeles propre og smagfuldt udstyrede hus, hvor der også efterhånden vokste op flere fagre og tækkelige småpiger. Ole Skøien var den meste tid en af mine medhjelpere, men allerede tidlig af svag helbred,så han for flere år siden er død. Enken har bygget sig et smukt føderådshus efterat gården gjennem en af døtrene er gåt over til dennes ægtefelle.” (Oliv, som vart gift med Paul Øvergaard, ein mann som er kjend og vyrd yvi alt Upplande som den mangeårige formann for Hedemarkens landbruksselskap og elles er sterkt uppteken i det offentlige liv.)

Ei av dötterne på Skøien, Anna, er gift med Hans Holmen på garden Grav i Bærum. Hans Holmen er son på den kjende Holmen-garden i vestre Aker, og tvo gode bonde-ætter kom saman på Grav. Fru Anna Holmen hev ført den gode Skøien-tradisjonen inn i den nye Bærum-heimen sin, som i sanning kan nemnast ”smagfuld og særdeles proper”. Ja, meir enn det. Anna Holmen er mykje av ein kunstnar og gjer heimen sin til eit kvardagens diktverk.

Dei som vil syne framande austlendsk norsk bondekultur kann vera byrge av å få syne slike gardar som Skøien og Grav. Enno hev me, som væl er, sume gardar i Noreg, der ikkje halv-kulturen hev øydd den trygge smaken og den gamle bondebyrgskapen, som vågar tru på det dei sjølve likar og trivst med, og samstundes byggjer økonomisk grunnlag under bondesamfunde.

Ingeborg Sæhli hev eg set att ein gong etter skuledagane.Det var fyrst i åttiåri, eg var komi til Oslo og hadde fått post i Brødrene Doblougs forretning. Og ho var attkomi frå Paris og skulde syngje på ein av Erika Nissens folkekjære konsertar. Eg hadde ikkje stor løni dengongen, men ein billet til denne konserten måtte eg skaffe meg.

Det var ei ære for ei ung songmøy å få stige fram saman med Erika Nissen fyrste gongen ho skulde syngje offentleg. Og eg var stolt og glad, og såg meg endå utveg til å kaupe ein liten blomstr-bukett med uthoggen papirkrans ikring. Skreiv so på eit kort som eg feste til blomane: “u takk for alt ifra vi var smaa, jeg vidste legen ei skulde gaa op i de graanende dage.“ Og med bankande hjarta sende eg det inn på kunstnar-rome i Brødrene Hals’ konsertsal.

Spent og sentimental, redd som det var meg sjølv som skulde fram, sat eg so og venta på ho skulde syne seg.

Eg hadde sjølv havt nok av kunstnardraumar, men no måtte det vera slutt med draum og dikt; live sjølv peika ut andre vegar for meg.

Koss det i røyndi gjekk med konserten minnest eg ikkje lenger. Berre at eg sjølv tykte ho song som ein engel.Og halvt i ein lukkerus gjekk eg heim — no hadde då ein av oss nådd fram.

Nokre dager etter fekk eg eit lite, venlegt takkekort frå henne.

Men ho skreiv De.

Seinare vart Ingeborg Sæhli fru dr. Hille og sat i lang tid som ei stilfull og dugleg husfruve

på den historiske storgarden Aaker ved Hamar.1

*

Ja, me gjekk der uppå Hamar og drøymde um so mangt. Me song og "spela teater", og me skreiv vers. Mykje tala me um kva slag mennes-kje i røyndi ein rett diktar var. Og mi spaning var stor, då eg ein dag i 1873 fekk brev frå ei av systerne mine um at venen deira, eventyrdik-taren P. Chr. Asbjørnsen skulde til Hamar, og at eg måtte gå upp på Victoria hotel og helse på han. Kongen skulde koma til Hamar nett då, og eg hadde skreve ein velkomesong til majestæten, som eg gjekk og verka med og gjerne vilde syne til nokon. I ein engelsktime hadde eg late papire med diktverke gli ned på golve under borde hjå løytnant Brock. Vona han skulde finne det, lese versi og møte meg med lovord

1 Gamalt "Skjaldar-Aaker".

I 1046 møttest Magnus den gode og Harald Sigurdsson der og skifte Noregs rike millom seg.neste gong og segja: Men du er jo dikter, Hul da!

Det vart eit fælslegt vonbrot. Brock sa berre: "Du mistet et papir sist; jeg har naturligvis ikke læst det som står skrevet på det — værsågod."

Skulde eg no våge å gje det til Asbjørnsen?

Han var den fyrste livande diktaren eg såg, og eg skolv som eit ospelauv, då eg steig innum døri. Han sat med den breide ryggen imot meg og skreiv, men snudde seg sovidt. Jaso, var det meg? Jau, det var då det. Og eg skulde spyrja frå mama koss det stod til med Martha og Sofie?

Jau då, han skulde helse. "De har det udmerket. Jeg er så glad i dine søstre; de er så søte—jada."

Han såg ut til å ha det svært annvint. Det var som han berre halvt sansa at eg stod der. Jo takk, han skulde nok helse dei.

Eg tenkte slet ikkje lenger på systerne mine. Dikte brann meg i handi — no eller aldri! Slapp so det ulukkelege papire på golve att, med det svimra for meg der eg stod!

"Du mistet noe," sa han og peika. Djupt von-broten og forvirra, med gråten i halsen fekk eg samla mitt store kongedikt upp att og sansa meg lite fyrr eg stod utanfyre døri att, brennande heit av ei skamkjensle som eg skulde ha stole.

Stort hadde eg drøymt um dette møte. Han skulde koma heimatt frå Hamar og forteljaMartha og Sofie, at eg dugde til noko. At eg var diktar. Og dei skulde gråte av giede og ov-undring. Nei tenk! Å, så herlig at Hulda er dikter!

Dei elska Asbjørnsen. Diktaren som var deira beste ven etter far var død. Dei kjende ikkje større menneskje enn diktarvenen sin. Og at han gjenom heile sitt liv var ein sann ven syner dei meir enn tvo hundrad brev han skreiv til Sofie. Eit par av dei vil eg ta med her. Dei syner koss barnevenen Asbjørnsen kunde få noko av eventyrtonen inn i barnebrevi sine, kva han so skreiv um.

Tromsø den 3die August 1871

Til

Martha og Sofie Bergersen.

Den som skulde blive vred fordi et Par snille Smaapiger skrev til ham, maatte da være en ren Tyrk, for selv en Tyrk maatte være folke-vond, om han skulde tage en saadan Venlighed ilde op.

Hør nu; der var en liden Pige henne i Stavanger, som skrev til den tyske Tryntyrk Grev Bismarck (paa Tysk naturligvis) og bad om hans Fotografi, og han ikke alene sendte den men et artigt Brev paa Kjøbet.

Altsaa mange Tak for det venlige Brev.I Gaar kom jeg da tilbage hid fra Finmarken, hvor det var surt og koldt, men det medførte det Gode for mig, som ikke var inde i Landet, hvor det er varmere, at jeg slåp at plages med Myggestik, for Myggene er saa slemme der baade mod Folk og Fæ, at det ofte er vanskeligt at holde ud; de fare i hele Skyer og ere som en af de ægyptiske Landeplager; selv om Natten maa Folk ligge med Slør, og saa maa der

røges med Knuskesop inde i Huse og Soverum.

At Solen i de egentlige Sommermaaneder er oppe her hele Natten eller hele Døgnet, ja det ved I af Geografien; Folk gjør da ogsaa Nat til Dag, arbeider om Natten og sover om Dagen; det er det rette Finneliv; man behøver ogsaa mindre Søvn her end andre Steder.

Tamme Rener har jeg da seet i hundredevis, ja i tusindevis, men der er ikke saa mange vilde her som i vore sydlige Fjelde; jeg har da heller ikke været hverken paa Jagt eller Fiskeri, for der har ikke været Tid til det, da jeg har reist uafbrudt; men hvilken uhyre Mængde af Fisk her er, det ser man i alle Havne og ved alle Strande, hvor Fiskehjeldene hænge fulde af Sei og Flyndrer, som tørker til Tørfisk, og alle Flad-berge ligger fulde af Klipfisk. Saadanne Fisk som i Christiania koste 12 Skil. og 1 Mark kan her kjøbes for 1 til 2 Skilling; men Arbeidsløn ogalt andet er meget dyrere, ofte dobbelt saa dyrt her som søndenfjelds.

Det morsommeste og interessanteste jeg har seet paa Reisen er alle de utallige Fugle i Luften og paa Havet, og især et Fuglebjerg Sværholtklub-ben, men det er hverken Tid eller Penger til at beskrive det. Vi træffes vei engang. Spørg mig da om Fuglebjerget ved Nordkap eller Porsangerfjorden.

De fleste Børn heroppe, selv Gadeunger taler 4 Sprog, Modersmaalet naturligvis, samt Finsk, Kvænsk og Russisk, men de læse ikke Gramatik.

Lev nu vei og vær venligst hilset fra

Eders P. Chr. Asbjørnsen

Hermed en Fotografi, som viser, at jeg ikke altid er snild, idetmindste ikke saa snild som jeg undertiden ser ud til.

*

Ombord i Nordland mellem Stavanger og Bergen den 12te August 1876.

Min kjære Sof.

Da jeg fortalte Fru Moe1 og Smaapigerne, at jeg havde tænkt paa muligens at faaet dig med til Reisekammerat til Christiansand og saa

1 Bispinna fru Jørgen Moe. (H. G.)

100kanske at sætte dig igjen der hos Dem en Dags Tid, saa sagde hun, Du skulde været velkommen, og Smaapigerne og "den opreiste Ørken", som Welhaven kaldte Tante Maren, mente det skulde været fornøieligt at se dig nu, Dig der alt som Jentunge var saadan en Hestebetvinger; de spurgte naturligvis ogsaa efter Sara. Moe kom hjem Thorsdag Aften og saa ikke bra ud. I de fem Maaneder han var der nede før Fruen kom efter, skrev han til hende 3 (tre) Gange. Nei da er jeg, som hverken har Kone eller Børn, anden Kar til at skrive; jeg skriver jo ofte hver Uge, endda jeg hverken har Kone eller Børn. Antonie1 roser mig ogsaa og siger jeg er sød til at skrive flittigt.

Nu faar du skrive til Molde eller Trondhjem. Molde til Onsdag 16de næste Uge og siden til Trondhjem. Jeg har nemlig maattet vende op og ned paa hele Reisen, fordi jeg ikke traf Bonnevie, Stiftamtmanden i Christiansand hjemme, altsaa det Nordlige først og det sydlige siden.

Tænk Dig hvor fort det gaar: i Eftermiddag (Lørdag) er jeg alt i Bergen, og Nat til Tirsdag paa Molde.

Lev vei og vær hjerteligst hilset fra din hen-

&lvne P. Chr. Asbjørnsen

*

1 Antonie Løchen (?) (H. G.)Bergen. Søndag Morgen 13de August 1876.

Kom hid i Gaar Eftermiddag Kl. 4. Her har det regnet og stormet i 4—5 Uger. I Gaar var den første Godveirsdag paa længe. Høegs var reist ud paa en Kjøretur, men der laa Brev til mig, at de kom igjen Kl. 8, og de kom med

samt en dansk Kusine. Alt som sædvanlig der: muntre, glade og i godt Humør og Kusinen ligesaa. Fru Høeg og Tante Vina paastod at jeg mindst var bleven 20 Aar yngre i Sommer. ""Meget muligt", sagde Tandberg", sagde jeg. Jeg var hos Fru Holmboe, som var "ubegribeligt" sød og tækkelig som Enke, hun er ikke 24 Aar endnu. Hun vil reise til Tyskland for at uddanne sig i Musik, som hun er udmærket flink i, for at kunne skaffe sig en selvstændig og uafhængig Stilling. Men Forældrene, som skal være formuende Folk som alle Bagere i Bergen, vil overtale hende til at lade være. Jeg sagde til hende i Faderens Nærværelse, at hun ikke burde give efter for nogen Overtalelser i dette, men følge sit eget sunde og riktige Omdømme; intet kunde være mere ærefuldt og hæderligt end at staa paa sine egne Ben. Der er ingen Gjæld efter Doktoren, men hvad der forøvrigt er ved jeg ikke, og da Faderen, Søsteren og Jens Andreas' Datter var tilstede blev der forøvrigt ikke tait om andet end almindelige Ting.Det er bedst om I vil at Brev skal træffe mig at skrive til Throndhjem Poste restante, men det maa allenfalds ske strax og ikke opsættes. Jeg vil jo gjerne vide hvorledes det staar til. I Molde er jeg i Morgen Nat, men ved ikke hvor længe jeg bliver; i Throndhjem er jeg vei ved Slutten af Ugen. — Lev nu vei, kjære Sofen, og vær hjerteligst hilset fra din Asbjørnsen.

Jeg skriver og sender Penge til Faster i Dag. *

Christiania den 24de December. Mine kjære snille Smaapiger.

Det var en stor Overraskelse at jeg nu igjen skulde faa en saa smuk, smagfuld og kostbar Julegave, der vidner om saamegen Flid og Udholdenhed i det stille Arbeide. Vær sikker paa at den skal være mig en kjær Erindring, som hver Gang jeg helder mit Hoved til den, vil fremkalde det levende Billede af de venlige Givere. Modtag min hjerteligste Tak [og Ønsket] om Glæde, Fred og Lykke baade i Julen og alle

kommende Dage fra „, , . ..

° Laers hengivne Ven

P. Chr. Asbjørnsen Til Martha og Sofie Bergersen

Efterskrift. Puden har alt indtaget Æres-pladsen i Sofaen.Heimkomi frå mi vitjing hjå min fyrste "levende dikter" kasta eg meg på den vesle barne-sofaen min og gret som eg var piska.

Denne sofaen var som ein li vandes ven, og det kjæraste eg åtte. Det var eit lite kunstverk utskore i tjukk mahogni — ein arv etter systerne mine. Dei sa han var gjort av ein tukthus-fange. Og han var liksom mitt private hus; i den budde eg for meg sjølv og kraup upp når eg syntest eg var åleine i verdi. Og det syntest eg no. Spaningi løyste seg ut i ein gråt som aldri vilde ende. At Martha og Sofie kunde vera so glad i denne digre mannen og kalle han "Vår far". Var alle diktarar slike, so var eg glad at mest alle diktarar var dø. Aa nei, dei var nok ikkje slike alle. Han som hadde skreve Donna Clara vilde nok ha skyna meg. Og sagt han var glad i meg og. Men no var ingen glad i meg, ikkje gud eingong.

Naar slike gråterider kom yvi meg, vart mor redd. Og ho trøysta meg so godt ho kunde og skyna slet ikkje kvifor eg gret. Hadde Asbjørnsen vore leid med meg? Nei men — og eg berre gret endå meir. Visste ikkje sjølv so plent kva eg gret for; mange vonde minne stakk hovude upp av gløymsle-brunnen. Noko stort og uskynelegt vilde tyne meg. Eg gret liksom "for alle ting."

Den einsemd-kjensla eg alt dengongen so ofte låg under for, var det visst mykje som sei-

104nare førde meg inn i den religiøse krisa etter konfirmasjonen.

Dikte mitt "Einsemd" i samlingi „Kornmoe" hev lange røter.

*

Men i ute-leiken millom kammeratar kunde eg gløyme alle sorger. "Trille i holoa" var ei herleg moro, og "slå ball" eller "Bro brille" og "Siste par ut" på torge.

Det var ein heil sport å samle på "trille-kulor". Grå leirkulor gjekk an, men gildast var dei mangefarga glas-kulone som likna på drops. Me laga ei liti rund grop i jordi som me trilla desse kulone nedi.

Det var hasard — me kunde vinne ein heil halvskilling, ei kolerakake eller ei glas-kule. Det gildaste var glaskula. Vann me ein halvskilling, kaupte me helst glaskulor for han av dei fine regnboge-farga, som likna på drops.

Ski hadde me ikkje, men herleg var det å gå på skeisor fyrr snøen kom på Mjøsa. Og so var det kjelken. Alle torg og alle tvergator ned mot strandgata var gode og trygge akebakkar, der me rådde grunnen mest åleine både seint og tidleg.

Men um sumaren var det fyrst og sist land-turar. Ofte berre til Holset-enga, som no longe er gløypt av byen. Der henta me ogso blomster-jord og bruse (eine) og allslag lauv og blom til jonsok-pryd i heimane.

Det skulde ikkje stor utrusting til ein landtur dengongen. Fekk me eit par smørbrød og ei flaske mjølk med oss, var me stornøgde. Ja, um me so berre hadde eit lite fat kaldgraut til mjølki, so skipia det ikkje gleda ved turen.

Stundom gjekk mor og eg heilt åleine på landtur um sundagane. Då kunde ho sitja i grase, eller på den blanke strondi, der eg fekk lauge meg, og småsyngje. Altid dei same små songane av Erik Bøgh eller av "En søndag på Amager", "Abekatten", og andre danske songar.

"Håbet er lysegrønt, glæden er himmelblå," "Dengang jeg var pige," o. s. b., med' ho sauma eller hekla på eit sundags-handarbeid.

Landtur med brus og kakor visste eg ikkje av fyrr eg var ei tolv-trettan års dame og hadde fengje eit par seminaristvener. Me kom til å bu i same garden som Ole Brandt frå Valdres, son til klokkar Brandt i v. Slidre. Han var so god i seg og gav meg eit syskrin med spegil i, og ein liten fingerring fyrr han reiste heim og skulde bli lærar og seinare klokkar etter far sin.

Eg sakna Brandt og dei par kammeratane hans som var saman med oss. Det var nye typer for meg. Måle dei tala, måten dei var på i samvære, alt var annleis. Det var liksom so mykje ålvori det dei sa, endå dei var glade og lentuge nok. Dei song so mykje og, og dei las dikt og tala um slikt som var utanfor kvardagen. Og eg var sopass stor då, at dette vart dragande for meg. Ole Brandt var min fyrste vaksne kammerat, og eg vart sjølv mest som vaksi ved å få han til ven.

Men ikkje var dei meir ålvorsame enn dei hadde stor moro av mine små danske visestubbar.

Snart flutte eg til Oslo, og såg ikkje Brandt att, fyrr me båe var gifte og tilårskomne. Men då fortalde han meg, at han reiste til Kristiania eit par år etter eg var reist og "gjekk gate upp og gate ned" i von um å møte meg. "So barnsleg var eg," sa han.

Men då han i 1887 såg i bladi, at Garborg hadde vorte gift med ei Hulda B., fekk eg eit brev frå han, der han spør um eg er den "Hulda" han kjende i seminartidi på Hamar.

Eg hugsa ogso lenge på Ole Brandt seinare i live. Han høyrde med til mitt fyrste møte med bonde-romantikken, saman med Gløersen, Sagatun. Og den "Nasjonalbunaden" ei ung fager gjente frå Hardanger gjekk med i Strandgata ein sumar ho var elev på Sagatun.

Då eg såg denne "huldra" med raudt liv og kvite skjurte-ermar, gav eg ikkje fred fyrr eg fekk mor til å saume noko liknande. Låk og billeg etterlikning var det, men for meg denherlegaste eventyr-bunad. Og då måtte eg for tridje gongen i mitt liv til fotografen.

Snart vart det elles mote for smågjentone på Hamar å få seg "Nasjonaldragt". Og med det meinte me Hardingbunad. At det fanst andre bygdebunader i lande drøymde me ikkje um.

Men ein dag fekk eg ogso sjå ein kar i "bonde-bunad" på Strandgata. Det var ein underleg selle i grå vadmålsklæde og raud topphuve og skreppe på ryggen. Han gjekk og skauv på for ei gamal kjering som drog ein tung skuli-dunk1 på ein kjelke.

Eg sat i vindauga og såg på dette upptoge, og fekk vita, at karen heitte Christopher Bruun og høyrde med til Sagatunfolki. Det var eit livande bilæte av folkehøgskulens nasjonaldemokratiske ånd.

Desse uendeleg umstridde skulane vart romantikkens og demokratiets faste borgar i Noreg. Og med elevane som gjekk ut derifrå kom dei nye ideane med sin "glade kristendom" brusande liksom på ljosvengjer og sopte ut den svarte pietismen.

Det er forvitneleg no å lese ei bok som Andreas Austlid's "Salt frå folkehøgskulen". Det var eit stort nybrotsarbeid, og den barnlege tru og eldhug hjå desse Grundtvig-apostlane var

1 Skuli-dunk: ein dunk med skyljer (grisemat).djup og ekte. Bonderomantikken og demokra-tie som Wergeland la grunnen til, fekk i dei sine mest trufaste og eldhuga sverd-dragarar.

Lett var det for motstandarane å finne veike sidor ved høgskulen og laga billege vitsar um Grundtvigs-folke. Men ettersom tidi gjekk, såg ein at dei sådde frø i Noregs jord, som hev røta seg, og hadde vokstr-kraft og kanskje vil berge oss, når merkantilismen og materialismen hev teke sitt siste strupetak på vårt gamle bonde-folk. Og me stend no framfyre den miskunns-lause sanningi, at det spelar um live for oss som kultur-nasjon.

Det var idealistar som bar høgskulen fram. Herman Anker bygde skulen upp for farsarven sin. Som Bjørnson skriv i songen um Hamar-fyrstikkene:

"Ti det var Herman Anker, tog av sit fædre-guld, strødde det ut som tanker over vor hjærte-muld.

Men då han gjekk ut frå Sagatun var han ein fatig mann. Og um han ogso tapte pengar på verks-drift han sette igang, som sagt er, so tok visst ikkje skulen minst av midelen. Og av hans ungdoms beste arbeidskraft.

Eg hugsar han godt som postmeistar på Ha-mar i ein myrk trist gard nord i byen. Det var visst ikkje noko feitt embaete dengongen.

Men sist i 70 åri sette han igong ein fyrstikk-fabrik, og Bjørnson vart utropar.

Hamarfyrstikker her, Di! Jeg skriver om dem en sang; det tykkes dig kanskje mærkværdig, men funken til hjærtet sprang.

Funken som slog fra pladen traf min erindrings-sans, så sterkt at i lyset av den to øine fikk fager glans.

Glans av den ild som tændte dåden av ånd og tro. Vid det: de øine sendte lys over bondens bo.

Sendte til tusinde sjæle kjærligheds flamme-bud, samlede i et hele fædreland, hjæm og gud.

Ti det var Herman Anker, tog av sit fædre-guld, strødde det ut som tanker over vor hjærte-muld.

Hamar fyrstikker her Di! Fosfor og gift på dør! Oplysningens pilt står færdig at gjøre som skolen før:vriste fra hjæmmet giften, række den renere ild, vække til varme driften som lå der og ei slåp til1.

Desse versi av Bjønsons dikt er so karakteristiske for den grundtvigianske ånd og for Bjørnson sjølv, at eg måtte ta dei med her — mange hev sikkert no gløymt dei.

Og ein dag kom Gløersen med ei stor tidend til oss på skulen. Dei som hadde hug kunde få tene penger med å laga fyrstikk-askar!

Mange av oss tok med glede mot tilbode, og me fekk med oss heim det tunne, tilskorne tre-vyrke og ein blokk — pålag som ein liten "sy-skruve" til å feste på borde. Og so klistra me asken ihop på blokken.

Det var stor moro! Og dertil pengar å tene! Det reine eventyr. Men diverre vart eventyre stutt. Namnet Ankerløkka på den bydelen der fabrikken låg, er no einaste minne um han.

At Gløersen fekk elevane sine til å laga fyrstikk-askar og Bjørnson skreiv uppsong for Hamar-fyrstikkene synte eit samhald millom Grundtvigfolki, som lenge var styrken deira. Hamar fyrstikk-fabrikk vart menighetssak lik-sovel som skulane.

Eg for min part tente meg eit kjol'emne på

1 Prenta i Verdens Gang i 1877.

8 — Garborg.Hamar-fyrstikkene. Men diverre vart ogso denne min fyrste sjølvtente kjole berre grå Cord.

Når eg hadde mine urider og alting gjekk meg imot, tykte eg heile verdi var av grå Cord.

Men Gløersen tala til oss um det store i at me fekk vera med å skape ein Hamar-industri, som skulde føre byens namn ut yvi heile jordi. Og det var kje fritt me kjende oss som medar-beidarar i verds-soga.

I det heile freista han å opne augo våre for alt levande liv både i naturi og menneskje-sam-funde. Gjera oss til vakne livets tenarar.

Um fru Mix Anker hev eg eit levande minne. Mor skulde saume ein ballkjole til henne, og eg fekk vera med og leike med Karen, seinare gift med Johan Castberg, den kjende politikar og skrivar på Toten.

Og no låg Karen og eg på huk og såg på mor prøve den gule tarlatanskjolen på den myrke, strålande vakre fru Mix. Mor var ogso myrk og ven, og hadde for ikkje so lenge sidan sjølv vore umsverma på baller og stråla i silke og tarlatan. Dengongen tenkte eg ikkje so langt. Men eg hugsa i den stundi på ein serskild måte restane av ein gul tarlatans kjole og ein svart silkesalop som låg i den blå kista.

Ogso til fru Anker skreiv Bjørnson eit dikt,som syner kor inderleg han dengongen var knytt til Sagatun.

Gløersen visste å finne gode lærarar, men fyrst og sist var det han sjølv og fru Nancy. Den unge fru Gløersen var som ei ljos alvkone i garden, og eg minnest enno kor redde me vart, då me eingong høyrde ho var sjuk. Men det løyste seg upp i glede, då me fekk høyre, at ho hadde fengje ei liti dotter. Det var einaste barne deira, seinare fru Marie Huitfeldt, kjend som songar, og tilsist gift i California. Hjå henne var fru Gløersen etter ho vart enkje og hadde det godt og sutlaust. Derifrå sende ho meg eit brev på 6 sidor, og yvi skreiv ho "Kjære lille Hulda". Eg var då millom 60 og 70 år, og sjølv var ho nære 90.

Slik var ho. I hennar minne var eg enno den "lille eleven", som ho gav vørterkake med geitost på i skulegarden på Hamar.

*

Hamar var i mi tid ikkje større enn at alle kjende kvarandre, og tok del i kvarandres lagnad.

Eg minnest ein gong mor vart fårleg sjuk, og det var lenge eg ikkje måtte sjå henne. Eg vart flutt til Solberg-heimen, og gode folk tok seg av mor.

Det vara vikor og månar. Lenge skulde hoberre liggje og svelge små isbitar. Men då ho besna og kunde ta mat til seg att, fekk me rett sjå hjartelage i den vesle byen. Det kom sen-dandes mat frå alle kantar. Gjestebodskost av finaste slag, so det vart stor utdeling til vener og grannar. Eg minnest enno ein fiskepudding med fløytesaus frå den vakre italienske fruva til rittmeistar Scholdager, ein "hønsekjødpudding" frå fru Bøgh på Børstad og alle muggone med herleg byggsupe tillaga med bringebersaft! Det var himmelkost for meg som sjølvsagt vart ved brorparten.

Ofte vart eg og i den tidi beden til bokhand-lar Kiihls. Dei hadde ingen bora og vilde helst havt meg altid. Dei stappa meg med chokolade og bollar og var snilde nok. Men likevel vart det brått slutt med vitjingi mi hjå det danske ektepare. Eg var ikkje meir til å få innum døri der, endå dei stod i døri eller sat i vindaugo i andre høgdi og lokka meg med alt som godt var. Og det var ikkje berre det at eg hadde fengje sennepsaus til klyvfisken som gjorde at eg sprang fort forbi døri deira.

Men, i gløymslebrunnen med det. Kühl vart vist heller ikkje lenge på Hamar, um eg minnest rett. Han høvde nok ikkje inn der. Utlendingar høvde vei idetheile ikkje i den vesle bondetru-skuldige nybyggjar-byen.I lang tid hev no dei tvo gamle bokhandlar-firma Magnussen og Samuelsen rådd grunnen åleine der. Heidmarksbygdene skapte sjølve handelsstande, so væl som officer- og hand-verkarstande i den nye kaupangen sin kring Holset-vika.

Men hjå gullsmed Evensen i Strandgata heldt eg meg mykje. Der hadde eg Paula, ho som las engelsk saman med meg hjå Brock og lenge var "bestevenen" min. Og eingong fekk eg vera med Evensen til skyldfolke deira på Toten. Det var ei storhending. Me budde på Fodstad, og var ofte hjå den hjartansgode og glade frøken Lise

Fodstad, som dreiv modehandel i det huglege huse sitt, ein idyll inni ein liten hage ved kongsvegen.

Men den store uppleving på Toten-turen var likevel Starumsletta, der nokre officerar tok oss upp på hesten til seg og let oss få ride til me skreik av frygd og skrekk.

Mange av officerane var bøndar og sat på store gardar. Sidan sverma eg alitid for den upplandské officers-typen. Dei var bøndar og klædde seg ofte i vadmål, men var likevel noko meir. Dei reid på fine hestar og var rake og forte i vendingi, men likevel langt frå Preussertypen, som eg seinare lærde å kjenne.

Gullsmed Evensen hadde forutan garden sin i Strandgata ogso ein bondegård i Vang, der egvar med eit par gonger. Og på Grundset-marken hadde han ei bud med sylvsaker, som lokka og lyste. Og ein gong tok han Paula og meg med ditupp. Det vart sjølvsagt ei ugløymande og heilt ny røynsle. Me såg so mykje merkelegt på desse tvo dagane, at me liksom var mange år eldre då me reiste nedyvi att. Skildringi frå "Grundset-marken" i boki mi "Når heggen blomstrer" er

mykje bygd på inntrykk frå denne turen.

*

I småklassane hjå Gløersen bruka me fyrste delen av Eriksen og Paulsens lesebok. Enno hev eg eit vælnytta eksemplar av denne boki, som eg var so glad i. Ho kosta 24 skilling, var prenta i 68,1 so ho var heilt ny den gongen. "Ole Lukøie", "Bukken og grisen", "Bjørnen" og "Hane og høne" var fyrste versi eg lærde utaboks, og eg hev aldri gløymt dei sidan.

Um me bruka andre bande av same boki i dei høgre klassane minnest eg ikkje. Men eg hadde lenge Thues Læsebog i modersmålet for norske og danske 2 — kor eg no hadde fengje ho frå. Vonleg låg ho i den blå kista frå Saastad. Boki er burte no, men kista hev fylgt meg under alle livsens umskifte og kann gå i arv i mange

1 Hjå W. C. Fabritius, Kristiania.

1 Prenta 1846 hjå A. D. Wulfsberg, Kristiania.

116ættleder enno, so sterk og traust er ho. Stundom var ho sengi mi i fyrste barndomen, og det er som ho skulde vera eit livande liv. Den og det gamle gullure til mor kann eg aldri skilje meg med. Den klokka er elles eit lite herlegt kunstverk ; ho gjeng enno idag like godt som då mor fekk ho på bryllaupsdagen sin. Ofte tek eg upp den fint utkrota gullkassa og ser på det vesle hjarta som so trufast hev tikka sin vesle song for meg gjenom live. Sofa'n som eg elska vart seid då me kom til Oslo, og mang ei tår gret eg for den. Men den blå kista og mors "brudeur" er berga gjenom alle stormar.

Klokka heldt eg elles på å misse ein gong fyrste åri i Oslo. Ho vart pantsett og seid på pantegods-aksjon. Ei kone som budde i eit gamalt trehus på Tjuvholmen hadde kaupt det. For å få det att måtte eg betale dubbelt den prisen ho hadde gjeve. Og endå heldt det hardt.

Som væl var hadde eg då fenge post, og hadde 40 kr. månen. Kvar gong eg no fekk løni i handi var min fyrste gang til Tjuvholmen med avdrag på klokka. I mange månar vara det fyrr eg fekk den dyre eignaluten med meg heimatt. Ho slepte han ikkje fyrr siste skillingen var betalt.

Men Thues store lesebok i "modersmaalet for norske og danske" hadde eg allvisst so lenge, ateg lærde meg mange lange dikt der. "Henrik og Else" og "Flugten til Amerika" av Winther og "Truls og Inger" av Jørgen Moe livde med meg gjenom heile ungdomen, og enno heng mykje av dei att i minne.

No, våren 1933, hev eg ved eit slumpehøve funne denne boki att i ei forvitneleg samling gamle bøker hjå Ole og Fanny Lilloe-Olsen på Grefsen gard i Aker.

Og no skynar eg, at ho var ein lekk i den skandinaviske stemningsbylgja i 40—70 åri. Grundtvig hadde kveikt ein ny eldhug for "Nordens ånd", og i folkehøgskulane vart "Nordens pris" ustanseleg sunge. Vårt Sagatun var med sers sterke band knytt til Danmark. Ikkje berre hadde folkehøgskulen si rot i Danmark, men Anker vart gift med ei dansk dame frå den grundtvigske krins, den fagre Mix Bojsen.1 Og Arvesen skriv i minneboki si uppglødd um

sitt og Ankers upp-hald i Danmark, då dei vart Grundtvigs svorne disciplar.

Og som den store danske læråren sin trudde dei at Nordens ånd ikkje var død, men "skulde opstå igjen".

So rart det på ein måte var, at Sagatun fyrst stod framand for Ivar Aasens store tanke um atterreising av det norske folkemåle, kann ein

1 Som Bjørnson skreiv eit hyllingsdikt til.difor skyna det. Ikkje at det vanta nasjonal ånd på Sagatun. Noregs soga fekk eit stort rom der, og nasjonal-romantikken likeso. Men det nye Norden var lenge den store draumen, som låg bakum alt og viljande eller uviljande måtte det virke på deira stode til målspursmåle. Fjorde november 1864 syng Bjørnson Nordens pris i "Illustreret Nyhedsblad":

Hvad Gud har sammenføiet, kan mer ei skilles ad

Staterne rives som Tøi i Laser, Skjul ei finder den jagede Sjæl, Herren er borte, Sandserne raser

Da skal O Nord, dit skyldfrie Sind stråle derover som Fjeldets Tind, Dalene mørknes av Uveirsvreden. medens du skinner i Tankefreden! når det så stilner, og nye Kræfter vaagne derved og strækker sig efter Freden og Lyset — din snerene Top viser dem Vei til Himlen op.

So sterk var trui då på det sambundne Nordens misjon.

Me hugsar ogso Jonas Lies dikt til Danmark 1 7de mai 64. Og 4de november-festingi same åre, Oslo var illuminera.

Men midt i idyllen stakk likevel "Maalstrævet"hovude fram ogso på Hamar. Eg høyrde fyrste barneåri mine, at ein "fæl mann" dei kalla Vinje hadde vore på Hamar. Han tala "bondemål" og gjorde narr av alle skikkelege folk, sa dei.1

Og på Jønsrudsalen vart det halde møte um "Maalstrævet" med foredrag av seminarstyrar Hertzberg. Og der møtte både prestar og lær-arar, og sjølvsagt elevar frå seminare2 og Sagatun.

Og som eg fyrr hev nemnt citerte Gløersen stundom Ivar Aasen for oss.

Men elles merka me barn meir til striden millom "lesarane", dei ortodokse som sokna til seminare i Saxes tid, og "fritænkerne" som desse heilage kalla Grundtvigs-folki.

At striden millom den Caspari-Johnsonske fylkingen og grundtvigianarane sette merke i umgangslive er naturleg, men eg for min del tumla meg like godt i båe lægri, for mor hadde lite interesse for nokon av partane — avgjerande minst for de "hellige", som ho kunde kritisere nokso skarpt. Ho tykte ikkje dei synte seg betre enn dei andre i noko. At far var heil rasjonalist og "korkje trudde på gud eller fanden" fekk eg ofte høyre av dei som stod han imot. Det tykte

1 24. 4. 68 stod ein tale på landsmål av Vinje i "Hamar Budstikke".

2 "Hamar Skolelærerseminarium", som det vart skrive,

120ogso mor var fælt, og eg meiner ho lærde meg på lag det same som Gløersen. Men kyrkjegangar var ho ikkje.

*

Ein heim eg minnest var ogso vaktmeistar Høilands på det nye fengsle.

Lambricht Høiland hadde vore inspektør ved tukthuse i Bergen og kom til Hamar då eg var 4—5 år. Og det var systerne mine som seinare kom til å gå på eit slag privatskule hjå eldste frøken Høiland ei tid dei var på Hamar. Med Betzy, den yngste av Høilands, seinare gift med kaupmann Windhol, var dei vener for live. Det er henne eg hugsar. Ho var gåverik og vakker, song, spela og dansa, åtte eit strålande humør, og lyste av hjartelag. Ho vart enkje og reiste til Amerika. Men ei tid var ho i Noreg att og fekk eit namn for sin uvanleg fine kunstsaum i gull og silke til fanor.

Vaktmeistar-huse på fengsle stod for meg som det finaste me hadde etter amtmanns-gar-den på torge.

Det låg ogso inni ein smal hage ved eit torg.

Men i bakgarden låg fangehuse; det lika eg lite å sjå.

På skulen gjekk eg ogso saman med Ella og Sigrid Falk, døtterne til kaupmann Falk i Strand-gata og syster til professor Hjalmar Falk. Han hugsar eg ikkje frå dengongen, men møtte han seinare i live, og det synte seg då at me hadde sams minne frå barndomslive på Hamar.

Falkgarden var eit paradis for born med alle pakk-budine og rare rom og kaupmanns-greior. I bakgarden var ein stor gamal trebygning, som såg ut til å ha vore ei løe eller noko slikt, og i andre høgdi der, eit retteleg kaupmanns-loft med ei verd av pakk-kassor og rare ting. Der fekk me drive vårt spel i herleg fridom.

Desse gamle gards-interiøri på Hamar var idet-heile forvitnelege og heimehuglege. Makelause leikeplassar. Og folk hadde slikt tolmod med born dengongen. Me høyrde liksom naturleg til alle stader. Ingen hadde so annvint at dei ikkje prata og fjasa litt med oss. Der var bakerier og bryggerhus, og utanfor veggjene stod kokt sukker på plåtor og skulde stivne. Og me ungane fekk "skrape plåta", når sukkere var utteke. "Kokt sukker" var vanleg kaffisukker til kvar-dags; "kvitsukker" var nok mest for storfolke det.

Og inni alle desse tun (eller gardsrom) høyrde ogso ymse husdyr med i bilæte. Der var ofte både stall og fjøs, og griser rusla lause ikring og kosa seg millom alt herlegt avfall frå kassor, mjølsekkar og anna som fylgde med kaupmanns- og verk-stad-drift.Stundom tok ogso grisene seg ein tur på Strandgata. "Idag var det flere griser enn folk på Strandgaten" sa onkel Stokke ein gong; "det er rent rørende."

Tilsist vart dette litt for gemytleg for sume folk i den nye stiftstaden, og "Bladet" (Hamar Budstikke) la seg frami. I 1852 kom denne redaksjonsartiklen, som er eit morosamt tids-bilæte:

"Høstregnet har nu gjort vore Gader snau-sede at befare, og de bliver da heller ikke bedre derved, at Svinene daglig vandrer og roder i dem. Det er merkeligt, hvilket udstrakt Privilegium disse Dyr synes i den senere Tid at have faaet til sent og tidlig at spadsere i Gaderne, og forbausende er det, at Politiet med stoisk Ligegyldighed kan se paa denne Uskik, uden at gjøre noget alvorligt Skridt til at standse den."

(Ramset: Hamar by's historie, 1892, L. Larsen, Axel Magnussen og H.A.Samuelsens forlag, Hamar).

Um dette hjelpte noko er uvisst. Alt må ha si tid. Men byens fyrste blad hadde synt Argus-auga sitt.

Enno den dag idag er det lite folk å sjå i ga-tone på Hamar. Den 17de mai 1931 eller 32 gjekk eg byen tilendes utan å sjå noko til "folket". Ein flokk ungdom stod utanfor den nye barenpå Victoria — det einaste nye der, trur eg, og ein flokk russ med innmaten av ein gamal bil og ein barnetrompet freista å laga litt Syttande-mai-moro. Gjenom Strandgata drog dei til torge, og uppi øvste hyrne der stod den vesle flokken og lydde på ein russ som stod på bil-skelette og tala. Det var nok ei reint privat moro. Stundom var det litt lått, og av og til huja dei og bles i trompeten, drog so til skulegarden på nordre torg, og alt var stilt og torge tomt.

Det var Syttandemai-festar av eit anna slag ute på Storhamar i gamle dagar. Med eldhuga talar og song og musik i Domkyrkje-ruinane. Folke song og hornmusikken sette liv i leiren. Dennegongen såg eg ikkje noko som likna folkefest. — Kom det kanskje seinare?

Ein syttande mai minnest eg, då hornmusikken måtte gjera heilt um midt på Storhamar-vegen fordi tropetane snødde fulle. Menhumøre

heldt. Kunde dei ikkje blåse, so kunde dei syngje.

*

— So kom då dagen me skulde flytje frå Hamar.

Me største elevane på skulen hadde lenge gått med utferdslengt i brystet. Og no skulde for meg alle draumar bli til røyndom — eg skulde koma til Christiania for ålvor!

124Ein flokk av kammeratane mine stod på brygga og såg langt etter oss, då me steig umbord i dampbåten.

″Tenk på mig når du får den lyserø silkekjolen!″ ropte Ragnhilda.

″Tenk på mig når du spiser den første pæren!″ ropte Fredrikke. Pæror var det sjeldan me såg på Hamar dengongen.

Ja, alle hadde dei sine draumar.

So stod då endeleg Skibladner utyvi fjorden — mot det forjættede lande.

HOLDA GARBORG

[-BARNDOMSMINNE-]

{+BARN- DOMS- MINNE+}